# Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

# Delområde 4 Sveio

Lenke til innspela:

https://www.sveio.kommune.no/plan-bustad-og-eigedom/plan-bygg-og-eigedom/planarbeid/planprosessen-for-kommuneplanen/

## Innhald


1. OVERSIKTSKART ... 3
2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF) ... 4
14.7224 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 48/7 ... 4
16.11853 Spreidde bustader (LNF), gbnr. 43/1 m.fl. ... 7
17.17370_3 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 82/8 m.fl. ... 10
23.3881 Bustader, gbnr. 92/16 m.fl. og 17.17373 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 91/3 ... 13
19.14490_1 Bustader, gbnr. 82/8 ... 16
19.16565_1 Spreidde bustader (LNF), gbnr. 48/4 og 19.4554 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 50/24 og 25 ... 19
21.1526_1 Bustader, gbnr. 83/2 og 21.1526_2 Bustader, gbnr. 83/253 ... 22
19.14133 Bustader, gbnr. 45/30 ... 25
3. FRITIDSBUSETNAD/SPREIDD FRITIDSBUSETNAD (LNF) ... 28
18.17009_1 Spreidd fritidsbusetnad (LNF), gbnr. 49/1 ... 28
18.3960 Fritidsbusetnad, gbnr. 47/5 ... 31
19.16191 Fritidsbusetnad, gbnr. 89/5 ... 34
20.13625 Fritidsbusetnad, gbnr. 82/1 ... 37
23.3657 Fritidsbusetnad, gbnr. 85/10 og 14 ... 40
23.3869_3-4 Spreidd fritidsbusetnad (LNF) , gbnr. 55/3 m.fl. ... 43
4. FRITIDS- OG TURISTFORMÅL ... 47
20.18903_4 Fritids- og turistformål, gbnr. 75/1 ... 47
21.1526_3 Fritids- og turistformål, gbnr. 83/2 ... 50
23.3864_1 Fritids- og turistformål, gbnr. 83/3, 166, 167 ... 53
5. RÅSTOFFUTVINNING ... 56
19.14489_1 Råstoffutvinning, og 19.14489_2 Blågrønstruktur, gbnr. 82/8 ... 56
Adm. 2_2 Råstoffutvinning, gbnr. 81/1, 3, 4 og 82/4 ... 59
6. NÆRINGSBYGNINGAR ... 62
16.11592_2 og _3 og 23.3166 Næringsbygningar, 16.11592_1 Hamneområde i sjø, gbnr. 80/3, 16 ... 62
16.11652 Næringsbygningar, gbnr. 92/16 ... 66
17.17368_1 Næringsbygningar, gbnr. 80/11, 17.17368_2 Blågrønstruktur ... 69
17.17370_2 og 19.14484 Næringsbygningar, og 17.17370_1 Hamneområde i sjø, 82/8 m.fl ... 73
7. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG ... 76
16.11675_1 og _2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 80/11 ... 76
16.13030 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 80/11 ... 79

18.17009_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 49/1 ..... 82
19.12248_1 og _2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr.82/135 m. fl. ..... 85
19.16564_1-2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 48/4 ..... 88
19.13825_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 51/6 ..... 92
23.3868_10 og 11 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr.52/3 m.fl. ..... 95
8. SMÅBÅTHAMN ..... 98
23.7327_3 Småbåthamn, gbnr. 83/4 ..... 98
9. HAMNEOMRÅDE I SJØ ..... 101
22.6088 Hamneområde i sjø, ved gbnr. 52/3 ..... 101
16.11621 Molo, gbnr. 52/65 ..... 105
10 VEG ..... 108
21.6247 Veg gbnr. 83/1, 2 og 7 ..... 108
11. KOMBINERT FØREMÅL ..... 111
15.7703_1 og _2 Næringsbygningar og bustader, gbnr. / ..... 111
23.7327_5 Næringsbygningar og bustader, gbnr. 50/3 ..... 115
23.13330_1 Utfylling i sjø, 23.13330_2 Kombinert føremål, gbnr. 52/83 ..... 118
23.7327_2 Hamneområde i sjø og næringsbygningar, gbnr. 123/1 ..... 121
12. FLEIRE FØREMÅL ..... 124
19.14487_1 Næringsbygningar og 19.14487_2 Hamn, gbnr. 82/8 ..... 124
16.13028_1 Fritids- og turistføremål, gbnr. 80/11 og 16.13028_2 Andre typar bygningar og anlegg (naust) ..... 127
17.367_1 Småbåthamn og _4 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 83/4 ..... 131
17.17396, 21.1526_7 og 23.3661_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 83/47 m.fl., og 21.1526_8 Kombinert føremål i sjø ..... 134
18.17361_1 Bustader, 18.17361_4 Fritidsbusetnad, og 18.17361_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg (naust og småbåtanlegg), gbnr. 83/40 ..... 138
19.13825_1 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 51/6 og 16.11561 Fritidsbusetnad, gbnr. 52/4 ..... 141
19.1228_1 Fritidsbusetnad, _3 Friområde, _4 Andre typar bygningar og anlegg (naust), 23.2845_1 Fritids- og turistformål, 23.2845_2 – Fritidsbusetnad, gbnr. 83/1, 83/2 og 83/5 ..... 145
19.1228_2 Småbåthamn og 19.1228_5 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 83/1, 3 ..... 149
19.9430_2 Bustader, gbnr. 45/5 og 16 og 19.9430_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 45/16 ..... 152
20.17950_3 og _4 Fritidsbusetnad, gbnr. 78/5 og 78/1, 20.17950_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ..... 155
21.13097_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 82/37 m.fl. og 21.13097_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ..... 158
21.4496_2 Fritidsbusetnad, gbnr. 42/4 m.fl., 21.4496_3 Fritidsbusetnad, gbnr. 55/43 og 44, 21.16240 Fritids- og turistformål, gbnr. 55/44 og 23.2270 LNF areal for spreidde bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. , gbnr. 55/4 ..... 161
23.3864_3 og _6 Fritidsbusetnad, 23.3864_4 og _5 Fritids- og turistføremål, gbnr. 83/3 ..... 166
23.3868_2, _6, _7, _8, _9 Fritidsbusetnad, og 23.3868_4, _5, _13 Andre typar bygningar og anlegg, 23.3868_12 Småbåthamn, gbnr. 52/3 m.fl. ..... 170
23.3661_2 Bustader, og 23_3661_3 Fritidsbusetnad, gbnr. 83/4 ..... 175
23.979 Fritidsbusetnad, gbnr. 83/86 m.fl., 23.3864_2 Fritids- og turistformål, gbnr. 83/252 ..... 178
23.15562_1 Næringsbygningar, gbnr. / og 23.15562_2 Idrettsanlegg (motorsportanlegg), gbnr. 40/9 m. fl. ..... 181

# 1. OVERSIKTSKART



# 2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF)

## 14.7224 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 48/7

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Spreidde bustader (LNF) | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Spreidde bustader (LNF) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 5 daa |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert andre tiltak enn ein tilkomstveg nord i området. Det er etablert infrastruktur i nærleiken. Området elles består av spreidd utbygging (bustader og naust). Området er kupert og ber preg av landbruksaktivitet. Området ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og dels innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Området ligg i strandsona, som i området i dels er definert som utilgjengeleg grunna eksisterande tiltak, og dels potensielt tilgjengeleg (inngrepsfri), med varierande hellingsgrad «noe» til «veldig stor» (mellom 3 og 25 grader, og større). | Ei utbygging med bustader vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Brede fjordløp og fjordmøter, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/eller over gjennom-snittet lokalt.<br>Landskapet er lett kupert, og ligg på eit flatt parti like føre eit høgde-drag. Terrenget skrår i frå sjø og opp til dette høgdedraget. Områ-det er austvendt. Området rundt er bygd med spreidde bustader og naust, samt landbruk.<br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Utbyggingsområdet ligg noko bak eksisterande inngrep i strand-sona, og vert slik ikkje særleg eksponert i frå sjø. Det er andre inngrep (bustader og naust) i området rundt i frå før. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endri-ngar i området. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 4,8 daa skog med høg bonitet. | Ei utbygging medføre tap av eit mindre skogsareal med høg bonitet. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustad-tomter like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er privat veg utan fortau og veglys fram til fv. 4984, som òg er utan fortau og veglys. Det er kollektivtilbod langs fv. 4984. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei fortetting av eksisterande spreidd utbygde bustadområde. Området ligg om lag 3,5 km unna Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Det vil såleis vera behov for skuleskyss for elevar i 1. klasse, men ikkje for elevar i 2.-10. klasse. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Mindre areal (4,8 daa) skog med høg bonitet, som er definert som kar-bonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, og dels innanfor funksjonell strandsone. Denne går noko framom 100-meterbeltet i området. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona.<br>Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. |  | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit relativt urørt område, men der infrastruktur er etablert. Innspelet ligg relativt nært (om lag 3,5 km) sentrum av Auklandshamn. Områda ligg tett på | | |

| | |
|---|---|
| | annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs privat veg eller fv. 4984. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 7,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **-1** | **0** | **0** | **-1** | **-1** | **0** | **X** |

Innspelsområdet er i all hovudsak urørt, men det er etablert infrastruktur til området. Området rundt er bygd ut med spreidde bustader og naust. Innspelet ligg i hovudsak i strandsona og funksjonell strandsone, om lag 3,5 km frå Auklandshamn.

Den delen av innspelet som ligg utanfor funksjonell strandsone kan tilrådast positivt dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding, utanfor funksjonell strandsone, dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området.**

## 16.11853 Spreidde bustader (LNF), gbnr. 43/1 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>LNF-spreidd bustader<br>Omsynssone landbruk H510_1 | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Spreidde bustader (LNF) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 136 daa, inkludert eksisterande LNF-spreiddområde. |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert andre tiltak enn ein tilkomstveg nord i området. Det er etablert infrastruktur i området. Området elles består av spreidd utbygging (bustader og naust). Området er kupert og ber preg av landbruksaktivitet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Innmarksbeite, skog, open fastmark, myr<br>Naturtypar: Kystlynghei med svært stor verdi i nordleg del av innspelet. Fleire myrområde<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Arealet er stort, og det er registrert kystlynghei med svært stor verdi i deler av området, og fleire myrområde innanfor innspelet. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Kystheiene, med verdi 2. | Utbyggingsområdet ligg ut mot myrområde i sør og søraust, og er urørte område. Ei spreidd utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Landskapet er relativt flatt heilandskap, med myrområde. Deler av området er skogkledd. Det er noko spreidd busetnad i området, langs vegen, men ikkje i retning utvidinga av området, mot sør og søraust.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | konsekvensar for landskapet i området. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Om lag 74 daa skog med svært høg bonitet.<br>Om lag 12 daa skog med høg bonitet<br>Om lag 35 daa innmarksbeite<br>Heile innspelet overlappar med omsynssone landbruk i gjeldande kommuneplan. | Innspelet overlappar med større skogområde med høg og svært høg bonitet, samt med om lag 35 daa innmarksbeite | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert vegtilkomst og infrastruktur i store deler av området. Det er ikkje fortau langs Lauvåsvegen eller langs Tjernagelvegen. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet består i hovudsak av urørte område, og det er lite busetnad i nærområda. Det er om lag 5 km til Sveio sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Det vil såleis vera behov for skuleskyss for elevar i 1.-10. klasse. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert karbonrike areal i form av skog av svært høg og høg bonitet, og myrområde innanfor innspelet. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit i hovudsak urørt område, og det er relativt lang avstand til næraste senter. Innspelet grensar til og overlappar med eksisterande LNF-spreidd område. Areala er i dag i hovudsak urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg over marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau langs Lauvåsvegen eller Tjernagelvegen. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det går ein høgspentleidning gjennom innspelet | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 2,5 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **0** | **-1** | **0** | **-2** | **-2** | **-1** | **-2** | **X** |

Innspelsområdet er i all hovudsak urørt, og det ligg nokre spreidde bustader i områda rundt. Innspelet overlappar allereie med eit område for LNF-spreidd. Innspelet ligg om lag 5 km frå Sveio sentrum.

Innspelet består av lynghei med spreidde myrområde og skog, og er omfatta av omsynssone for landbruk. Negative konsekvensar for naturmangfald, naturressursar, manglande infrastruktur, samt lokaliseringa av innspelet gjer at området vert negativt tilrådd.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, høgspent

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding.**

## 17.17370_3 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 82/8 m.fl.

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>LNF-spreidd bustader<br>Mindre del fritidsbusetnad (detaljreguleringsplan for Hytter - gnr. 82, bnr. 46, PlanID 2001005) | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Spreidde bustader (LNF)<br>LNF |   |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 63,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ved Søre Kvalvågen, nord for Fjon. Det er etablert tre spreidde bustader og infrastruktur i innspelsområdet, som er kupert mot nord. Området elles består av spreidd utbygging og ber preg av landbruksaktivitet. Mindre deler av området ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet), men det er her etablert fleire tiltak/reguleringsplanar mellom innspelet og sjø. Det er ikkje kartlagd funksjonell strandsone i området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Areal-/støykonflikt nytt næringsareal<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med særs høg, høg og middels bonitet, samt dyrka mark.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekommande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er lett kupert, med eit høgdedrag mot nord. Terrenget skrår opp til dette høgdedraget. Området er sørvendt, og er bygd | Utbyggingsområdet ligg bak eksisterande inngrep og terreng i strandsona, og vert slik ikkje særleg eksponert i frå sjø. Det er andre inngrep i området rundt i frå før. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i området. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | med spreidde bustader, fritidsbustader og naust, samt landbruk.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 2,7 daa skog med særs høg bonitet, 4 daa skog med høg bonitet og 3,4 daa skog med middels bonitet, 32 daa innmarksbeite og 13 daa overflatedyrka jord. | Ei utbygging medføre tap av eit skogsareal med særs høg, høg og middels bonitet, samt eit stort areal dyrka mark. Om lag 3,3 daa innmarksbeite er føreslege omgjort i frå spreidde bustader til LNF i aust. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustadtomter like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kommunal veg utan fortau og veglys fram til fv. 4944, som òg er utan fortau og veglys. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei fortetting av eksisterande spreidd utbygde bustadområde. Området ligg om lag 10 km unna Sveio sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Dette vil innebere skuleskyss for elevar i 1.-10. klasse. | | -2 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 10 daa skog med særs høg, høg og middels bonitet, samt 42 daa dyrka mark, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Tilgrensande i vest er det spelt inn ei utviding av eksisterande næringsareal (19.14489), der det går føre masseuttak. Innspelet er vurdert positivt tilrådd då det vil vera av samfunnsnytte for vidare næringsverksemd for området. Etablering av bustader tett inntil det utvida næringsarealet vil verke negativt for næringsutviklinga i området. | | -1 |
| **Strandsone** | Ein særs avgrensa del i nord ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsona er her regulert til fritidsbusetnad, og innspelet har såleis avgrensa verknad med omsyn til strandsone. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit dels urørt område, men med spreidd busetnad i nærområda. Innspela ligg relativt lite sentralt plassert i forhold til etablert senterstruktur, men grensar til eksisterande område for LNF spreidd, med infrastruktur. Areala er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs kommunal veg eller fv. 4944. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelsområdet ligg tett til masseuttak i sørvest, som vil kunne føre til støy i innspelsområdet. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **0** | **-2** | **-1** | **-2** | **-2** | **-1** |

Det er tre spreidde bustader i innspelsområdet i frå før, og det er etablert infrastruktur til området. Innspelet ligg om lag 10 km i frå Sveio sentrum. Etablering av bustader tett inntil næringsarealet vil verke negativt for næringsutviklinga i området, og samstundes vil eit masseuttak vera negativt for nye bustader i området mot. støy og støv m.m.

Dersom det er behov for nytt bustadareal i området kan innspelet tilrådast, til den austlege delen, slik at det vert ei buffersone mot næringsområdet i vest

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Justert positiv tilråding, der areal i vest vert buffer (LNF-føremål) mot råstoffuttak, dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området.**

## 23.3881 Bustader, gbnr. 92/16 m.fl. og 17.17373 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 91/3

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Spreidde bustader (LNF) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>23.3881 (1): Bustader (seks nye einingar)<br>17.17373 (2): Spreidde bustader (to nye einingar) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 23.3881 (1): 50,8 daa<br>17.17373 (2): 4,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg på Bjelland, mellom Sveio sentrum og Haukås. Det er etablert bustader og infrastruktur i område 1, og området er relativt tett utbygd. Område 2 er utan tiltak i dag. Innspelsområda er relativt flate og solrike. Området elles består av spreidd utbygging og ber preg av landbruksaktivitet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: overflatedyrka jord og innmarks-beite.<br>2: skog med særs høg og høg bon-itet, samt 0,6 daa fulldyrka jord.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Småkupert ås- og fjellandskap under skog-grensen med bebyggelse/infra-struktur (NiN). Innspelet ligg innan-for landskapstype Kystheien, med landskapsverdi 2 – vanlig førekom-ande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet er lett kupert, men relativt flatt med gode solforhold. Området er bygd med spreidde bustader, og ber preg av eit aktivt landbruk. | Det er inngrep i området rundt i frå før, men av karakter spreidd utbygging. Ei vidare utbygging i området med reint bustadføre-mål vil medføre endringar i områdekarakteren. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 12,5 daa overflatedyrka jord, og 14,5 daa innmarksbeite. Utvida område består av om lag 6,7 daa overflatedyrka jord.<br>2: 0,9 daa skog med særs høg bon-itet, 3 daa skog med høg bonitet, samt 0,6 daa fulldyrka jord | 1: Ei utbygging medføre tap av eit større areal dyrka mark.<br>2: Ei utbygging medføre tap av eit mindre skogsareal med høg bonitet, samt eit avgrensa areal fulldyrka jord. Dette er ikkje mog-eleg å drive grunna form. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustadtom-ter like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er veg utan fortau og veglys fram til fv. 47. Det er etablert fortau og veglys, samt kollektivtilbod, langs fv. 47. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei fortetting av eksisterande spreidd utbygde bustad-område. Områda ligg om lag 1,5-2 km unna Sveio sentrum, med matbu-tikk, skule og nærmiljøanlegg. Det vil såleis ikkje vera behov for skuleskyss. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 1: Om lag 27 daa dyrka mark, som er definert som karbonrike areal.<br>2: Om lag 3 daa skog, 3, samt 0,6 daa fulldyrka jord, som er definert som karbonrike areal. | | 1: -2<br>2: -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit område med aktiv landbruksdrift og spreidd busetnad, der infra-struktur er etablert. Innspela ligg godt plassert i forhold til Sveio sentrum, og områda ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. Areala er i dag dyrka mark. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs tilkomstvegane, men det er fortau og lys langs fv. 47. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone langs fv. 47, som berre går inn på mindre deler av innspela i sør. Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Det er høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | |
|---|---|
| | 2: Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspelet. |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 1,5 km frå innspelsområda i luftlinje. |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **0** | **1: -2**<br>**2: -1** | **0** | **+1** | **1: -2**<br>**2: -1** | **X** |

Det er spreidde bustader i innspel 1, som er relativt tett bygd. Det er etablert infrastruktur til området. Innspela ligg nære Sveio sentrum, og det er etablert fortau langs fv. 47.

Det er ikkje mogleg å etablere nye bueiningar i innspelsområde 1 utan at det går på kostnad av areal definert som dyrka mark, og ei tettare bustadutbygging vil endre karakteren i området. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.
Innspel 2 vert positivt tilrådd som LNF – spreidd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel 1 (23.3881): Negativ tilråding.**

**Fagleg tilråding innspel 2 (17.17373): Positiv tilråding.**

## 19.14490_1 Bustader, gbnr. 82/8

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Fritidsbusetnad<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Bustader | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 12,3 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg inst i Søre Kvalvågen, nord for Fjon. Innspelsområdet er i hovudsak urørt, men det er etablert infrastruktur. Området består av ei kolle, som ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet), og i hovudsak innanfor funksjonell strandsone. Det er i gjeldande KPA sett byggjegrense mot sjø for fritidsbustader, og det er etablert naust og fritidsbustader langs sjø utanfor innspelet. Området rundt består av spreidd utbygging. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Strandsone<br>Landskap<br>Støy, jf. innspel råstoffutvinning<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med særs høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: gråmåke (rødlista art). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Området ligg i hovudsak innanfor funksjonell strandsone. Deler av denne er definert som util-gjengeleg grunna eksisterande tiltak. | Ei utbygging med bustader vil medføre aukande privatisering av strandsona i området, og inn-spelet vil såleis ha negativ verk-nad for friluftsliv | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekom-ande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br>Landskapet er svært kupert, og består av ei kolle. Terrenget skrår opp til denne kolla, og er ubygd.<br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbyggingsområdet ligg særs eksponert i strandsona. Ei vidare utbygging i området med bustader vil medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, og omfanget av nye inngrep vil ut-gjere negative verknader i det sårbare landskapet i strandsona. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 7,1 daa skog med særs høg bonitet og 5 daa daa impediment. | Ei utbygging medføre tap av eit skogsareal med særs høg, høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde fritidsbustad-tomter like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Fv. 4944 er utan fortau og veglys, men med kollektivtilbod. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber eit nytt bustadområde. Området ligg om lag 10 km unna Sveio sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Dette vil innebere skuleskyss for elevar i 1.-10. klasse. | | -2 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 7 daa skog med særs høg bonitet, som er definert som karbon-rike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strandsone. Denne ligg noko trekt mot sjø sett hen til 100-meterbeltet i området. Det er sett byggjegrense mot sjø i gjeldande KPA for fritidsbustader.<br>Ønska arealbruk er bustader, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona.<br>SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br> | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit relativt urørt område, men der infrastruktur er etablert. Det er om lag 10 km til Sveio sentrum, og området ligg såleis lite sentralt plassert i høve sentrumsområde i kommunen. Utbygging i strandsona vil medføre privatisering av | | |

| | |
|---|---|
| | eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag. Innspelet er i dag urørt, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Austre del av innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet kan vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs kommunal veg eller fv. 4944. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går føre seg eit råstoffuttak like ved innspelsområdet i aust, men terrenget vil skjerme noko av støyen i frå uttaket. Dette må vera tema i ev. reguleringsplan. Det er gul støysone tilknytt fv. 4944. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **-3** | **0** | **-1** | **-1** | **-2** | **-1** | **X** |

Det er ikkje etablert bygningar i innspelsområdet i frå før, men det er etablert infrastruktur til området. Området rundt er bygd ut med spreidde bustader, fritidsbustader og naust.

Innspelet ligg om lag 10 km i frå Sveio sentrum, og innspelet er såleis lite sentralt plassert i høve senterstrukturen i kommunen. Innspelet ligg på ein kolle i terrenget, og ei utbygging i området vil medføre vesentlege negative landskapskonsekvensar i strandsona.

Det bør vurderast å avsette haugen til LNF slik at det urørte landskapet i strandsona blir bevart.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding.**

## 19.16565_1 Spreidde bustader (LNF), gbnr. 48/4 og 19.4554 Spreidde bustader (LNF) , gbnr. 50/24 og 25

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF<br>Spreidde bustader (LNF)</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>19.16565_1 (1): Spreidde busta-der<br>19.4554 (2): Spreidde bustader</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>19.16565_1 (1): 13,4 daa<br>19.4554 (2): 3,1 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspela ligg på Tjernagel. Det er ikkje etablert bustader i innspelsområda, men det er vegframføring fram til innspel 1. Innspela grensar til eit større LNF – spreiddområde, med 8 ledige einingar i gjeldande kommuneplan. Innspela er relativt flate og solrike. Områda elles består av spreidd utbygging og ber preg av landbruksaktivitet. Innspel 1 går ned til Storavatnet</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Naturressursar<br>Strandsone mot vassdrag<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet</td></tr>
</table>

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: Skog med høg bonitet og innmarks-beite.<br>2: Open fastmark.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde:<br>1: Austre del (om lag halve innspelet), går inn i Slettafjellet, nærturterreng, som er om lag 1290 daa stort, og innspelet overlappar med ytterkanten av området. | 1: Innspelet er i arealkonflikt med registrert friluftsområde, som heng saman med større grønt-areal. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for fri-luftsliv, men ei utbygging vil | 1: -1<br>2: 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 2: Ingen | truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane.<br>2: Ingen kjende konsekvensar. | |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br>Landskapet er lett kupert, men relativt flatt med gode solforhold. Områda er bygd med spreidde bustader, og ber preg av eit aktivt landbruk.<br>1: Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/<br>2: Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Det er inngrep i området rundt i frå før, av same karakter som innspela. Ei vidare utbygging i dei vestlege områda nær vegen vil ikkje medføre vesentlege endringar i området. Ei utbygging ned mot Storavatnet vil kunne medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 11,5 daa skog med høg bonitet, 1,6 daa innmarksbeite.<br>2: 0,2 daa skog med høg bonitet | 1: Ei utbygging medføre tap av skogsareal med høg bonitet, samt innmarksbeite.<br>2: Ei utbygging vil ha minimale verknader. | -1<br>0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidde bustadtomter like ved, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er ikkje etablert fortau og veglys langs fv. 4984, men det er etablert kollektivtilbod. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei fortetting av eksisterande spreidd utbygde bustadområde. Områda ligg om lag 3 km unna Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Det vil medføre skuleskyss for 1. klasse (over 2 km skuleveg). | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 1: Om lag 11 daa skog med høg bonitet, samt noko innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal.<br>2: Særs avgrensa areal som er definert som karbonrike areal. | | -1<br>0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er LNF spreidd bustad. I samsvar med vassressurslova § 11 skal det sikrast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag som motverkar avrenning, og er levestad for plantar og dyr.<br>Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstilstanden i Storavatnet god. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad, der infrastruktur er etablert. Innspela ligg relativt sentralt plassert i forhold til Auklandshamn, og grensar til eksisterande område for LNF spreidd, med infrastruktur. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er hav- og fjordavsetning og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Innspelet ligg ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg i all hovudsak ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs tilkomstvegane, men det er fortau og lys langs fv. 47. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone langs fv. 4984, som berre går inn på mindre deler av innspel 1 i vest. Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspela vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 8 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **1:-1** | **1: -2** | **0** | **1: -1** | **-1** | **0** | **1: -1** | **X** |
| | **2: 0** | **2: -1** | | **2: 0** | | | **2: 0** | |

Innspelsområda er urørte, men ligg tilknytt eksisterande spreidde bustadområde. Det er etablert infrastruktur til områda. Innspela ligg relativt nære Auklandshamn, men det er ikkje etablert fortau langs fv. 4984. Innspel 1 ligg i strandsona til Storavatnet, og ei utbygging ned mot vatnet vil medføre negative konsekvensar mellom anna for landskap.

Dersom det er behov for nytt bustadareal i området kan innspela tilrådast, innspel 1 må justerast til utanfor strandsona mot vassdrag.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel 1 (19.16565_1) og 2 (19.4554): Positiv tilråding dersom det er behov for bustadareal i dette området. Innspel 1 må justerast til utanfor strandsona mot Storavatnet.**

## 21.1526_1 Bustader, gbnr. 83/2 og 21.1526_2 Bustader, gbnr. 83/253

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Bustader (B24)<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>21.1526_1 (1): Bustader (justering av B24)<br>21.1526_2 (2): Bustader (justering av B26) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 21.1526_1 (1): Om lag 4 daa utviding<br>21.1526_2 (2): Om lag 1,3 daa utviding |
| **Skildring av området** | Innspela ligg i området mellom Nesevatnet og Storevågen.<br>1: Området for utviding er urørt, men ligg tilknytt eksisterande bustadfelt og etablert infrastruktur. Området er i all hovudsak avsett til bustadområde i gjeldande KPA. Området består av skog og utmark, som ligg på eit lite høgdedrag nord-aust for bustadfeltet.<br>2: Tomta er allereie bygd med eit bustadhus, og grensar til bustadområde B26 i gjeldande KPA. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Landskap<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: skog med høg bonitet.<br>2: bygd areal.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde:<br>1: Nord for området ligg Liervatnet m.m. som er eit viktig viltområde.<br>2: Ingen registreringar.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Endring av føremål for innspel 2 vil ikkje medføre konsekvensar, då området allereie er utbygd. | 1:-1<br>2: 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN).<br>1: Innspelet ligg innanfor land-skapstype Vestlandets skogsåser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br>2: Innspelet ligg innanfor landska-pstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig føre-komande i regional samanheng, og /eller over gjennomsnittet lokalt.<br>1: Landskapet er kupert, og ligg på eit lite høgdedrag kolle. Området er ubygd, men ligg til eit etablert bustadfelt.<br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Det er andre inngrep (bustader) i området rundt i frå før. Ei vidare utbygging i området med bustad-er vil ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, og omfanget av nye inngrep vil heller ikkje utgjere vesentlege negative verknader i landskapet. For innspel 2 vil det ikkje vera endringar i landskapskonsekvensar ved å endra føremål, då tomta allereie er utbygd. | 1: -1<br>2: 0 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 4 daa skog med høg bonitet.<br>2: bygd areal. | 1: Ei utbygging medføre tap av eit mindre skogsareal med høg bonitet.<br>2: Ingen kjende konsekvensar. | 1: -1<br>2: 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande bustadfelt like ved, og ein kan såleis kopla seg på infrastruktur i utvidingsområdet relativt enkelt. Privat tilkomstveg og fv. 4982 er utan fortau og veglys. Det er kollektivtilbod langs fylkesvegen. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei mindre utviding av eksisterande bustadområde. Området ligg om lag 6,5 km unna Sveio sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Det vil innebere skuleskyss for 1.-10. klasse. | | -2 |
| **Karbonrike areal** | 1: Om lag 4 daa skog med høg bonitet, definert som karbonrike areal.<br>2: Ingen registrerte karbonrike areal | | 1: -1<br>2: 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | 1: Innspelsområdet er urørt, men ligg tilknytt etablert bustadfelt.<br>2: Innspelsområdet er bygd og ligg til etablerte bustader.<br>Innspela ligg relativt lite sentralt plassert med omsyn til senterstruktur i kommunen. Områda ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br>Innspel 1 er urørt område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er bart fjell. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Innspelet ligg i all hovudsak over marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs privat veg eller fv. 4982. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.<br>1: Det er registrert ei trafikkulykke i krysset, som involverte fotgjengar som kryssa køyrebana. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1: -1 | 0 | 1: -1 | 0 | -1 | -1 | -2 | -1 | X |
| 2: 0 | | 2: 0 | | 0 | | | 0 | |

Innspelet ligg langt frå Sveio sentrum, og bustader i dette området vil medføre behov for skuleskyss. Våga er føreslått som eit nærsenter i planframlegget, og innspela vil kunne vera med på å støtte opp under eit nærsenter i dette området.

1: Det er ikkje etablert bygningar i innspelsområdet i frå før, men det ligg tilknytt etablert bustadområde og infrastruktur. Innspelet inneber ei mindre utviding av bustadområde i gjeldande KPA (B24).
2: Det er etablert bustad på aktuell tomt i frå før, som ligg til bustadområde i gjeldande KPA. Justeringa er mindre, og omfattar eit eksisterande bustadhus. På bakgrunn av dette kan innspelet tilrådast positivt.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (21.1526_1) og 2 (21.1526_2): Positiv tilråding.**

## 19.14133 Bustader, gbnr. 45/30

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Bustader | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 14,3 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Kinn, aust for Kinnavatnet. Innspelsområdet ligg i eit terreng med nokre mindre koller og noko myrområde, og er ubygd. Det er etablert eit par skogsbilvegar/stiar på arealet. Området rundt er urørt, med unnatak av ein einebustad i vest. Lenger unna er det spreidd busetnad og fritidsbusetnad, samt gardsbruk. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet og myr<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Mange rødlista fugleartar observert i området (Artskart). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, samt for rødlista fugleartar. Ein del av innspelet er myrområde, som generelt er viktige for naturmangfaldet. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kyst-slette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med land-skapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er småkupert med gode solforhold. Området rundt er i all hovudsak ubygd, men med nokre spreidde bustader og fritids-busetnad.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>[https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Det er få andre inngrep i området rundt i frå før. Etablering av eit nytt bustadfelt vil medføre vesen-tlege endringar i landskapsut-trykk. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| **Naturressursar** | 10,3 daa skog med høg bonitet. | Ei utbygging medføre tap av eit skogsareal med høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidd utbygg-ing, anna enn vegtilkomst. Det er ikkje etablert fortau og veglys, eller kollektivtilbod langs kommunal veg. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber eit nytt bustadområde, som ligg om lag 9 km frå Sveio sentrum, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Dette vil innebere skuleskyss for 1.-10. klasse. | | -2 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 10 daa skog med høg bonitet, samt 3,8 daa myr, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit urørt område, med spreidd busetnad/fritidsbusetnad rundt. Anna infrastruktur enn veg er ikkje etablert. Innspelet ligg relativt lite sentralt plassert med omsyn til senterområde i kommunen. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs vegen, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **0** | **-2** | **0** | **-1** | **-2** | **-2** | **-2** | **X** |
| Området er i all hovudsak urørt, med unnatak av to vegar/stiar. Området rundt er òg i all hovudsak urørt, der det lenger unna er etablert spreidde bustader og fritidsbustader, samt infrastruktur. Innspelet ligg om lag 9 km unna Sveio sentrum, og innspelet er såleis ikkje gunstig plassert i forhold til senterstrukturen i kommunen. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.<br>ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding** | | | | | | | | |

# 3. FRITIDSBUSETNAD/SPREIDD FRITIDSBUSETNAD (LNF)

## 18.17009_1 Spreidd fritidsbusetnad (LNF), gbnr. 49/1

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF<br>Omsynssone bevaring kulturmiljø</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>Spreidd fritidsbusetnad</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>0,7 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg ved Tjernagel, på Tjernagelholmen, sør for Brusundet. Innspelet er ei forlenging av eksisterande og utbygd naustområde. Det ligg einebustader, naust og fritidsbygg i vika sør for naustområdet. Det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Overordna behovsvurdering knytt til areal for fritidsbustader i delområdet og i kommunen</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Open fastmark, noko innmarksbeite<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br><br>Innspelet ligg innanfor byggjeforbodsområdet i strandsona, og strandsona i området er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg. Eit mindre areal i aust er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna registrert innmarksbeite (28 $m^2$). | Etablering av fritidsbustader i området vil medføre privatisering av ei strandsone som er tilgjengeleg for friluftsliv i dag. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskaps-område Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter. Området er registrert med verdi 3.<br><br>Innspelet har ingen tiltak i dag, og består av urørt strandsone. I sør grensar innspelet til utbygd naustområde.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Utbygging i området vil medføre terrenginngrep i strandsona, og dette vil ha vesentlege negative konsekvensar for landskap, sjølv om innspelet grensar til utbygd naustområde. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Innspelet grensar til Tjernagels-holmen handelsstad, Haven, Havneområde, som er kommu-nalt listeført. Området er skildra som gamal handelsstad og gjest-gjevarstad. Det gamle hovud-huset blei rive i 1971, to store sjøhus og eitt mindre er òg rivne. Sjøhus som m.a. har romma butikk er flytta til annan stad ved kaien, og restaurert. Det ligg nokre automatisk freda kultur-minne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor det registrerte kulturmiljøet. Området ligg inne som omsynssone i kultur-minneplanen til kommunen. | Ei utbygging i området vil ikkje vera i direkte konflikt med registrerte kulturminne og kulturmiljø. | 0 |
| **Naturressursar** | Innspelet overlappar så vidt med registrert innmarksbeite (28 $m^2$). Det er elles ikkje registrert natur-ressursar innanfor innspelet. | Innspelet er i konflikt med registrert innmarksbeite. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst eller annan infrastruktur innanfor innspelet i dag. Tilgrensande naustområde har vegtilkomst, og ein kan truleg kopla seg til infrastruktur i dette området. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det ligg einebustader, naust og fritidsbygg i området sør for innspelet. Det er om lag 4 km til Auklandshamn, som er næraste senter i kommunen. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert eit mindre område med karbonrike areal i form av innmarksbeite innanfor innspelet. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og nærings-utvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| ROS-analyse | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje vegtilkomst i området i dag. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 8 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 0 | -1 | -1 | 0 | 0 | X |

Innspela ligg i byggjeforbodsområdet i strandsona, og innanfor funksjonell strandsone. Området er utan tiltak i dag, og består av urørt strandsoneareal.

Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Strandsonerettleiaren for Vestland viser til at det ikkje bør etablerast fritidsbustader i strandsona. Ein ser såleis ikkje behov for å ta i bruk det urørte (strandsone)arealet til utbyggingsføremål. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd. Området bør heller ikkje setjast av til naustføremål.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 18.3960 Fritidsbusetnad, gbnr. 47/5

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF og Fritidsbusetnad | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Fritidsbusetnad |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 47,4 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg nord for Kinn, mellom Kinnavatnet og Emberlandsvatnet. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområdet i frå før, anna enn landbruksgrøfter og høgspentleidning. Mot nordaust grensar innspelsområdet til regulert hytteområde Åsbu. Området mot vest er landbruksområde, og mot sør ubygde myr- og skogsområde. Området består av ei lita kolle, men er relativt flatt med gode solforhold. Arealet ligg dels innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag, både til Kinnavatnet og til Emberlandsvatnet. I slike område skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone (langs vassdrag)<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet, overflatedyrka jord og myr.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar innanfor innspelsområdet, men fleire trua artar tilknytt Emerlandsvatnet og Kinnavatnet; ål (EN), fiskemåke og vannrikse (begge VU), storskarv, stær, tjeld, taksvale, gråspurv, (alle NT). | Det går ein bekk/myrsystem sør i innspelsområdet, som truleg er viktig for naturmangfaldet i området, mellom dei to vatna. Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. Verknaden vert noko avgrensa då strand sona her består av myrsystem. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspela er ein del av Moderat bølgjeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området består av eit skogkledd myr- og landbrukslandskap, som skrår seg i frå ei lita kolle på kote +45.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Det er andre inngrep (fritidsbustader) i området i frå før. Ei vidare utbygging i området vil likevel kunne medføre vesentlege landskapsendringar i området i strandsona mot dei to vassdraga. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 26,1 daa skog med høg bonitet, og 4,4 daa overflatedyrka jord. | Ei utbygging medfører tap av eit større område skog med høg bonitet , samt overflatedyrka mark som vert slått. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i området. Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande fritidsbustader i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Omfanget gjer at ein truleg må oppgradere eks. anlegg. Det er ikkje etablert fortau og veglys, eller kollektivtilbod langs kommunal veg. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande fritidsbustadområde. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygging og elles urørte skogs-/myr- og landbruksområde. Sveio sentrum ligg om lag 10 km frå innspelet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 26,1 daa skog med høg bonitet, 4,4 daa overflatedyrka jord, og 16 daa myr, som er definert som karbonrike areal. | | -3 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritidsbusetnad. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Næraste vatn i vann-nett er Storavatnet, der miljøstilstanden er god. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i nærleiken, men det er ikkje tiltak innanfor innspelet.<br>Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.<br>Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering | | |

**ROS-analyse**

| Naturfare | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Deler av området ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det går ein bekk/myrsystem sør i innspelsområdet, og det er aktsemdsområde for flaum tilknytt dette. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje etablert løysing for mjuke trafikantar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | -2 | -2 | 0 | -2 | -2 | 0 | -3 | X |

Innspelet er urørt i dag, men det er etablert infrastruktur i nærleiken. Innspelsområdet er i dag eit urørt skogs-, myr- og landbruksområde, der sørleg del er viktig mot. naturmangfald lokalt og flaumregulering i området.
Ei nedbygging av området vil vera særs negativ mot. karbonrike areal, i tillegg til at det vil medføre omdisponering av dyrka mark.
Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona mot vassdrag, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. På bakgrunn av dette vert innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, stråling frå høgspent

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 19.16191 Fritidsbusetnad, gbnr. 89/5

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF<br>LNF-spreidd</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>Fritidsbusetnad</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>23,5 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg på Apeland, på austsida av Vigdarvatnet. Delar av innspelsområdet er LNF-spreidd busetnad, der det er etablert fleire bustadar, utanom eksisterande bustadar er området jordbruksareal og skog. Området er skogkledd og bratt terreng ned mot vatnet, det er eit lite skur plassert inne i vika av Dalen.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone (langs vassdrag)<br>Naturmangfald<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet.</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med særs høg og høg bonitet, innmarksbeite og fulldyrka mark.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Det går ein bekk/myrsystem sør i innspelsområdet, som truleg er viktig for naturmangfaldet i området, og har utløp i Vigdarvatnet.<br>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Vigdarvatnet er registrert som svært viktig friluftsområde. Det er det største vatnet i distriktet med gode forhold til bading, fiske og båtliv. Det er lite utbygd langs vatnet. | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og området er langs Vigdarvatnet som er registrert som svært viktig friluftsområde, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av landskapsområdet Vigdarvatnet. Innspela ligg innanfor landskapstype Vågsvatn. Landskapsverdi 3 – middels verdi<br><br>Landskapet i området består av eit skogkledd landbrukslandskap, som skrår seg i frå ei lita kolle på 30 moh<br><br>Sjå 3D-kart her: [Kommunekart 3D] | Det er andre inngrep (bustadar) i området i frå før. Men ingen ned mot vatnet, ei vidare utbygging i området mot Vigdarvatnet vil såleis medføre landskapsendringar i området. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 3,7 daa skog med høg bonitet, 1,5 daa skog med svært høg bonitet, 8 daa innmarksbeite og 9,8 daa fulldyrka mark. | Ei utbygging medføre tap av eit større område skog høg, samt innmarksbeite og fulldyrka mark. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i området. Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidd bustad i området, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er ikkje etablert fortau eller kollektivtilbod langs kommunal veg, men det er etablert veglys. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber å etablere fritidsbustad i tilknytt spreidd bygd område. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygging og elles urørte skogs- og landbruksområde. Det er om lag 8 km til Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 5,2 daa skog med høg og svært høg bonitet, 17,8 daa jordbruksareal, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritidsbusetnad. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Næraste vatn i vann-nett er Vigdarvatnet, der miljøstilstanden er god. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i nærleiken. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag i stor grad urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit | | |

| | |
|---|---|
| | miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. |

| ROS-analyse | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Området ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er aktsemdsområde for flaum tilknytt Vigdarvatnet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert løysing for mjuke trafikantar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 2,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **-1** | **0** | **-2** | **X** |

Innspelsområdet er i dag eit urørt skogs- og landbruksområde. Ei nedbygging av området vil vera særs negativ mot. karbonrike areal, i tillegg til at det vil medføre omdisponering av dyrka mark. Det er etablert infrastruktur i området. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 20.13625 Fritidsbusetnad, gbnr. 82/1

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Fritidsbusetnad | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritidsbusetnad |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Om lag 6,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg inst i Ålfjorden, ved Kvalvåg. Innspelet ligg i bakkant av utbygd naustområde, og i forlenginga sørover av hytteområde. Det er ingen tiltak innanfor innspelet, og området er skogkledd. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna behovsvurdering for areal til fritidsbustader |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av særs høg bonitet, innmarksbeite<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Hønsehauk er registrert i nærleiken av innspelet. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br><br>Innspelet ligg dels i strandsona, og dels innanfor funksjonell strandsone. Strandsona i området er dels registrert som potensielt tilgjengeleg, og dels | Etablering av fritidsbustader i området vil medføre privatisering av strandsona, som dels er tilgjengeleg for friluftsliv i dag. Det ligg allereie fritidsbustader og naust i framkant av innspelet. Dei negative konsekvensane for | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | registrert som ikkje potensielt tilgjeng-eleg, grunna dyrka mark og nærligg-ande fritidsbustad. | friluftsliv vil såleis ikkje vera vesentlege. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskaps-området Sørevågen – Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Innspelet er skog-kledd med lauvskog i dag. I bakkant av innspelet er det dyrka mark, og i fram-kant ligg det fleire naust og ein fritids-bustad.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Utbygging i området vil medføre terrenginngrep i strandsona, og dette vil ha negative konsekvensar for landskap, sjølv om det er etablerte tiltak i framkant av innspelet. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærl-eiken av innspelet. Det ligg SEFRAK-registrerte bygg (raud kategori) både aust og vest for innspelet. | Utbygging i området vil ikkje medføre direkte negative konsekvensar for kultur-minne eller kulturmiljø. | 0 |
| **Naturressursar** | Den sørvestlege delen av innspelet er registrert som innmarksbeite, elles består innspelet av lauvskog av særs høg bonitet. | Utbygging av området vil medføre tap av innmarks-beite og lauvskog av særs høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst eller annan infrastruktur innanfor innspelet i dag. Det er truleg mogleg å kopla seg til infrastruktur i tilgrensande utbygde område. Det er ikkje fortau langs Kvalvågvegen. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Områda kring innspelet består av hytter, naust og gardsbruk. Det er om lag 9 km til Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Utbygging i området vil medføre tap av karbonrike areal i form av lauvskog av særs høg bonitet og innmarksbeite. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg dels innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.   | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i nærleiken., Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag i stor grad urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit | | |

| | |
|---|---|
| | miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg dels under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje vegtilkomst i området i dag. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-2** | **0** | **-1** | **-1** | **0** | **-1** | **x** |

Innspelet ligg dels i byggjeforbodsområdet i strandsona. Området er utan tiltak i dag, og består dels av urørt strandsoneareal. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Strandsonerettleiaren for Vestland viser til at det ikkje bør etablerast fritidsbustader i strandsona. Deler av innspelet ligg utanfor funksjonell strandsone. Dette er eit relativt smalt belte, på det smalaste om lag 8 meter, i eit område utan etablert infrastruktur, og det er såleis ikkje eit gunstig område til utbygging. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik.

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 23.3657 Fritidsbusetnad, gbnr. 85/10 og 14

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Fritidsbusetnad (tre einingar, samt to eksisterande på gbnr. 85/14) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 5,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på søraustsida av Nesevatnet. Det er etablert to einingar (anneks) innanfor innspelsområdet i frå før, som ligg tilknytt fv. 4982. Det går ein bekk mellom dei to eigedomane. Mot nordvest og søraust grensar innspelsområdet til einebustader og landbrukseigedomar. Området består av skog, og skrår bratt opp i frå fv. Arealet ligg dels innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag, der det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Innspelsgrensa ligg om lag 25 meter frå vasskanten, og Vågavegen går mellom innspelet og vatnet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone (langs vassdrag)<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med særs høg bonitet og innmarksbeite.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: grønnfink, gråmåke og fiskemåke (alle VU), storskarv og gjøk, stær (begge NT). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, samt for fleire registrerte fugleartar.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. Innspelet ligg på oppsida av Vågavegen, og konsekvensane er såleis avgrensa. | -1 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN).<br>Innspela ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogsåser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. | Det er andre inngrep (to mindre anneks) i området i frå før, som utgjer ei bygningsrekkje langs fv. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Landskapet i området består av skog og noko innmarksbeite under attgroing, som skrår seg bratt opp i frå fv. på kote +24 til kote +45.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Det bratte terrenget gjer likevel at etablering av tre nye einingar vil medføre terrenginngrep. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne eller -miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 3,5 daa skog med særs høg bonitet, samt 1,1 daa innmarksbeite. | Ei utbygging medføre tap av eit område skog med særs høg bonitet og innmarksbeite. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Ein er i ferd med å etablere infrastruktur i området. Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande fritidsbustader i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs fv. 4982, men det er kollektivtilbod. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Ein kan dels seie at innspelet inneber ei utviding av eksisterande fritids-bustadområde. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygging og elles urørte skogs- og landbruksområde. Det er om lag 7 km til Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 3,9 daa skog med særs høg bonitet, samt 1,1 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritidsbusetnad. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstilstanden i Nesavatnet moderat, der det er gjeve opp at nye tiltak ert naudsynte for å nå god miljøtilstand. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegeta-sjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i direkte nærleik. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag i stor grad urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Storparten av området ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein bekk i innspelsområdet, men det er ikkje registrert aktsemdsområde for flaum tilknytt dette. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje etablert løysing for mjuke trafikantar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen støyande verksemder, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Det er gul støysone tilknytt fv. 4982. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 4,2 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -1 | -1 | 0 | -1 | -1 | 0 | -1 | X |

Innspelsområdet er i dag bygd med to mindre anneks-bygningar, men er elles eit urørt skogsområde. Ei nedbygging av området vil vera negativt mot. karbonrike areal, i tillegg til at det vil medføre omdisponering av eit mindre areal dyrka mark. Det er etablert infrastruktur i området. Omfanget av innspelet er avgrensa, og kan sjåast i samanheng med kringliggjande busetnad.

Området kan tilrådast positivt dersom det er behov for fritidsbustader i dette området. Føremålet må leggast utanom innmarksbeitet i aust.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Justert positiv tilråding, dersom det er behov for fritidsbustader i dette delområdet. Føremålet må leggast utanom innmarksbeitet i aust.**

## 23.3869_3-4 Spreidd fritidsbusetnad (LNF) , gbnr. 55/3 m.fl.

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF Spreidde bustader | **Arealendring**<br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>23.3869_3 (1): Spreidd fritidsbu-setnad<br>23.3869_4 (2): Spreidd fritidsbu-setnad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1: 31,3 daa<br>2: 81,4 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg på Hovda/Hovdaneset. Det er etablert bustader og fritidsbustader innanfor innspelsområdet i frå før, som ligg tilknytt fv. 4980. Området består av skog, landbruksverksemd og spreidd utbygging. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområ-det. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: skog med middels og høg bonit-et, impediment og innmarksbeite og overflatedyrka jord.<br>2: skog med middels bonitet, inn-marksbeite, overflatedyrka jord og myr.<br>Naturtypar:<br>1: Det er registrert to flater med kystlynghei i området, der éi har stor KU verdi (med dårleg tilstand og låg kvalitet) og éi middels KU verdi (med svært redusert tilstand og svært låg kvalitet). Innspelet går òg litt inn på ei registrering av hagemark med stor KU verdi, med dårleg tilstand og låg kvalitet.<br>2: Store delar av innspelet er om-fatta av kystlynghei registrert til å ha stor lokal verdi.<br>Verdigrunngjevnaden tilseier fint lyngheiområde i god hevd, men arealet er relativt lite og lokaliteten er truleg artsfattig, verdien er difor | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som har funksjonar for naturmangfald.<br>1: Dei registrerte verdiane har redusert tilstand og kvalitet, men ein bør like vel unngå nedbygging av desse areala ved spreidd utbygging i området.<br>2: Det er registrert lokale verdiar for kystlynghei (utvald naturtype) i store delar av området, som gjer at areal til fritidsbustadar utanfor kystlyngheiregistreringane er svært redusert. Det er også registrert hule eiker som også er utvald naturtype av Miljødirektoratet, med moderat kvalitet i store delar av sørdelen til innspelet. | 1: -2<br>2: -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | vurdert som lokal (C-verdi). Fleire registreingar av hule eiker i sørlege del av innspelet.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar, men det er registrert ei framande artar (platanlønn, sitkagran). | | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde:<br>1: Ingen<br>2: Hovdaneset er registrert som viktig friluftsområde med særlege kvalitetar for tursti til tidligere gullgruve, nordsjøløypa og med kulturminneskilt.<br><br>Ein liten del av innspelsområdet i sør er innanfor funksjonell strandsone med potensielt tilgjengeleg strandsone. | 1: Ingen kjende konsekvensar.<br>2: Delar av innspelet i nord inngår i friluftsregistreringa, utbygging i dette området kan ha negative konsekvensar for friluftslivsint-eressene.<br><br>Innspelsdelen som er innanfor strandsona er så minimal at innspelet ikkje vil ha betydning for strandsoneverdiane i området. | 1: 0<br>2:-2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kyst-slette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og åpne fjordmunninger, med land-skapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet i området er kupert, og består av spreidd utbygging, skog, lyng og landbruksjord. Det går ein bekk parallelt med vegen i innspel 2. Busetnaden ligg i hovudsak på søraustsida av denne bekken.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Det er andre inngrep i området i frå før, som utgjer ei bygnings-rekkje langs fv. Ei vidare utbygg-inglangs vegen  i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området.<br>Ei utbygging på vestsida av bekken i innspel 2 vil medføre vesentlege negative konsekvensar, då dette området ligg eksponert til ut mot Hovdaneset og sjøen. | 1: -1<br>2: -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne inn-anfor eller i nærleiken av innspela.<br>2: Det er registrert to kulturmiljø; Gardsmiljø/sjøbruksmiljø H570_ 65B i vest, og H570_43A gardstun og naustmiljø Norheim i nordaust. Lenger vest er det registrert kultur-minne H570_42A, som omfattar eit industrielt kulturminne (gullgruve). | 1: Ingen kjende konsekvensar.<br>2: Tiltaka treng ikkje å gi negative konsekvensar for kulturmiljøa så lenge det blir teke omsyn til ved utbygging i området. | 1: 0<br>2: -1 |
| **Naturressursar** | Det er registrert grus- og pukk-ressursar (Dypbergart, Trondhjem-itt) i området, men desse er ikkje avgrensa i kart hos NGU.<br><br>1: 7,3 daa skog med høg bonitet, og 7,3 daa skog med middels bonitet, 1,3 daa overflatedyrka jord og 2,2 daa innmarksbeite. | Ei utbygging medføre tap av eit område skog med middels og høg bonitet, samt overflatedyrka jord og innmarksbeite. Utbygginga vil vera spreidd.<br><br>Ein må ev. sikre uttak av grus- og pukkressursane ved nedbygging av slike areal. | -2 |

| | | |
|---|---|---|
| | 2: 2 daa skog med middels bonitet, 24 daa innmarksbeite, 1,5 daa overflatedyrka jord og 8,4 daa myr. | |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande fritidsbustader i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs fv. 4980, men det er kollektivtilbod. | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Ein kan dels seie at innspelet inneber ei utviding av eksisterande spreidd bustad- og fritidsbustadområde. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygging og elles urørte skogs- og landbruksområde. Det er om lag 9 km til Sveio sentrum. | 0 |
| **Karbonrike areal** | 7,3 daa skog med høg bonitet, 9,3 daa skog med middels bonitet, 2,8 daa overflatedyrka jord, 26,2 daa innmarksbeite og 8,4 daa myr, som er definert som karbonrike areal. | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i nærleiken. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Areala er i dag i stor grad urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg ikkje under marin grense. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein bekk i innspelsområdet, men det er ikkje registrert aktsemdsområde for flaum tilknytt denne. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert løysing for mjuke trafikantar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, tett på innspela, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Det er gul støysone tilknytt fv. 4980. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Det går ein høgspentleidning langs fv. Og gjennom nordre del av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | 1: 0<br>2: -2 | 1: -1<br>2: -2 | 1: 0<br>2: -1 | -2 | -1 | 0 | -2 | X |

(Innspels)områda er i dag dels bygd med spreidde bustader og fritidsbustader, og arealet er i gjeldande KPA avsett til spreidd bustadbygging (SB_33). Det er fire ledige bustadreservar i SB_33. Ei nedbygging av området vil vera negativt mot. karbonrike areal, i tillegg til at det vil medføre omdisponering av dyrka mark og naturregistreringar.

Innanfor innspel 2 er så godt som heile arealet overlappande enten med viktige naturtypar eller med dyrka mark. Dette innspelet vert såleis ikkje tilrådd, og bør heller ikkje liggja som LNF spreidd bustad.

ROS-analyse: 1: Trafikktryggleik, støy 2: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent

**Fagleg tilråding innspel 1 (23.3869_3): Justert positiv tilråding, som LNF spreidd bustad- og fritidsbustad. Ein må sikre registrerte verdiar ved utbygging i området.**

**Fagleg tilråding innspel 2 (23.3869_4): Negativ tilråding**

# 4. FRITIDS- OG TURISTFORMÅL

## 20.18903_4 Fritids- og turistformål, gbnr. 75/1

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF spreidde bustader og LNF med omsynssone friluftsliv på land, og Friluftsområde i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritids- og turistformål (utleigehytter og bubilparkering tilknytt eks. småbåthamn) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 14 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg ved Tveit, ved Vigdarvatnet. Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs vassdrag. Det er etablert tiltak i området i dag (veg, strand og landbruksbygg), og området rundt er spreidd utbygd med fritidsbustader og bustader. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone (langs vassdrag)<br>Naturressursar |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Skog med høg bonitet, overflatedyrka jord og innmarksbeite<br>Naturtypar: Ikkje registrert.<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Åkerrikse (CR), som er tilknytt jordbrukslandskap. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, samt for fuglearten åkerrikse, som er kritisk truga.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen registrerte.<br>Registrerte friluftslivområde: Innspelet er omfatta av to registrerte friluftsområde; Tveit/Lindøy/Sørvåge og Vigdarvatnet. Førstnemnde er 6.887 daa stort og av områdetype jordbrukslandskap, registrert som viktig. Sistnemnde er 7.963 daa og av områdetype særleg | Bygging tilknytt fritids- og turistformål og naust i området vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. Samstundes vil ein kunne leggje til rette for friluftsaktivitetar for fleire, og tiltaka kan potensielt stø opp om kvalitetane i det | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | kvalitetsområde, registrert som svært viktig.<br><br>Innspelet ligg i strandsona (langs vassdrag), og området er i dag tilgjengeleg strandsone. | registrerte friluftsområdet Vigdarvatnet, og ha avgrensa påverknad på det registrerte friluftsområdet Tveit/Lindøy/Sørvåge. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor Småkupert fjellandskap nær skoggrensen med bebyggelse/infrastruktur (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Innspelsområdet fell bratt ned i frå Tveitevegen ved kote +35 ned til sjø i aust. Området rundt er spreidd utbygd.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbygging i området vil kunne medføre negative landskapsverknader i strandsona i området, då det er bratt terreng innanfor innspelet. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert SEFRAK-registrert bygningar, kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Like nord ligg det eit enkeltminne (jordkjellar) i KDP kulturminne, H570_97B. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 5,4 daa overflatedyrka jord og 2,9 daa innmarksbeite, samt 3,3 daa skog med høg bonitet. | Utbygging vil medføre tap av skog med høg bonitet, samt overflatedyrka jord og innmarksbeite.<br>Avbøtande tiltak vil vera å avgrense utbygginga slik at ein unngår nedbygging av innmarksbeitet i sør. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området har tilkomst i frå kommunal veg Tveitevegen, og det er etablert anna infrastruktur tilknytt spreidd utbygging i nærleiken. Det er ikkje kollektivtilbod, veglys eller fortau langs vegen. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg om lag 5,5 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 5,4 daa overflatedyrka jord, 2,9 daa innmarksbeite, samt 3,3 daa skog med høg bonitet, som er definerte som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritids- og turistformål. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstilstanden i Vigardvatnet moderat. I Vigdarvatnet er miljøtilstanden avhengig av pågåande tiltak. Vurderinga vår av § 12 er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Deler av areala er landbruksjord i dag. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Morenemassar. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til Vigdarvatnet og innanfor aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 3 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **-1** | **0** | **-2** | **+1** |

Det er etablerte tiltak i innspelsområdet. Arealet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og vassdrag. Det er vesentlege konsekvensar for fleire tema, og innspelet vert ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding: Negativ tilråding**

## 21.1526_3 Fritids- og turistformål, gbnr. 83/2

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritids- og turistformål | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 3,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg på Foreholmen inst i Ålfjorden (i/på) Våga. Det er gjort noko tiltak på holmen, ein fritidsbustad med tilhøyrande naust, elles er holmen urørt. Området har i dag arealføremål LNF.<br>Innspelet skildrar kva for type utleigehytter det er ønska, og konseptet viser til tiltak som skal krevja mindre terrenginngrep enn tradisjonelle hytte |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Tilgjengelegheit<br>Karbonrike areal |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Skog med høg bonitet,<br>Naturtypar: registrert blautbotnsområde i strandsona med viktig verdi utanfor innspelsområdet<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: ingen reg. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, samt for naturtypen blautbotnsområde i strandsona utanfor innspelet, som har viktig verdi.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen registrerte.<br>Registrerte friluftslivområde: Innspelet er omfatta av arealføremål friluftsområde i gjeldande kommuneplan. | Bygging tilknytt fritids- og turistformål i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. Samstundes vil | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelet ligg i strandsona og området er i dag tilgjengeleg strandsone. | ein kunne leggje til rette for friluftsaktivitetar for fleire. Ein vurderer at tiltaka difor dels vil stø opp om kvalitetane i friluftsområdet, og ha avgrensa påverknad på det. | |
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor landskapsområdet Sørevågen – Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Området er registrert med verdi 3.<br><br>Innspela ligg på ein holme, ut mot Vågavågen. Området kring innspela består i stor grad skog, med unntak av ein fritidsbustad på sørsida av holmen med tilhøyrande naust, og er omfatta av arealføremål friluftsområde. Innspelsområda er skogkledde, og terrenget er småkupert. Det vil vera innsyn til områda frå austsida av vågen (nærverknad), mend fjernverknaden vil vera avgrensa, då området ligg relativt langt inne i eit sund (Vågavågen).<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona, som er utan tiltak i dag. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert SEFRAK-registrert bygningar, kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 3,1 daa skog med høg bonitet. | Utbygging vil medføre tap av skog med høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området er på ein holme utan bru, og det må difor nyttast båt for tilkomst til området. Det er lagt til rette for straum til fritidsbustaden på sørsida av holmen, anna teknisk infrastruktur er ikkje tilgjengeleg i området. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg om lag 8,5 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 3,1 daa skog med høg bonitet, som er definerte som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i området. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området, men området ville truleg ligge innanfor funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritid- og turisme. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon. Utleigehytter er til dømes ikkje tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone, men mindre privatiserande tiltak tilknytt fritid- og turismeføremålet kan vurderast innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er såleis vurdert til å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert difor råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje vegframføring langs området. Framkomst til området må skje med båt. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-1** | **-2** | **0** | **-1** | **-1** | **0** | **-1** | **+1** |

Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområdet. Arealet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Sett hen til mellom anna avgrensa areal utanfor strandsona, naudsynte terrenginngrep, privatisering av strandsona og mangel på infrastruktur kan ikkje innspelet tilrådast.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding: Negativ tilråding**

## 23.3864_1 Fritids- og turistformål, gbnr. 83/3, 166, 167

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Naustføremål | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Fritids- og turistformål | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1,5 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg i Litlevågen inst i Ålfjorden (i/på) Våga. Det er allereie gjennomført mykje tiltak i området, og det er eit etablert naustområde langs heile strandlinja her. Området har i dag arealføremål for naust. Innspelet signaliserer eit ønskje om at området vert nytta til fritid med utleige, overnatting for turistar samt båtutleige. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Naturmangfald |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: bygd areal<br>Naturtypar: registrert blautbotnsområde i strandsona med viktig verdi langs innspelsområdet<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: ingen reg. | Tiltaket vil medføre auka arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, samt for naturtypen blautbotnsområde i strandsona utanfor innspelet, som har viktig verdi.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen registrerte.<br>Registrerte friluftslivområde: ingen registrerte.<br><br>Innspelet ligg i strandsona og området er i dag tilgjengeleg strandsone. | Meir bygging tilknytt fritids- og turistformål i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor landskaps-området Sørevågen – Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Området er registrert med verdi 3.<br><br>Innspela ligg i eit etablert naust-område, ut mot Vågavågen. Områd-et kring innspela består av naust og småbåtanlegg, Terrenget er flatt og bygd areal. Nordre del av innspelet grensar til/rundt eit elveutløp.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Ei utbygging i området vil medføre terrenginngrep i strandsona, som delar av er utan tiltak i dag.<br><br>Eventuelle tiltak må taka omsyn til elveutlaupet i nordre del av innspelet. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert SEFRAK-registrert bygningar, kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Ikkje registrert | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området ligg langs Ålfjordvegen (fv. 4944). Det er lagt til rette for teknisk infrastruktur med ova-nett. Det er ikkje fortau langs vegen, det er kollektiv transport ca 150m frå innspelsområdet. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg om lag 8,5 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Ikkje registrert | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i området, og innanfor funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritid- og turisme. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon. Utleigehytter er til dømes ikkje tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone, men mindre privatiserande tiltak tilknytt fritid- og turismeføremålet kan vurderast innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er såleis vurdert til å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Tynn morene. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert difor råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje fortau langs fv. 4944. Det er også mangel på lys langs vegen. Trafikktryggleik må sikrast i ein reguleringsplan. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ålfjordvegen (fv. 4944) medfører at delar av innspelet er innanfor gul støysone, innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 0 | 0 | -1 | 0 | 0 | +1 |

Innspelet er i eit etablerte naustområde. Arealet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø.. Innspelet signaliserer eit ønskje om at området vert nytta til fritid med utleige, overnatting for turistar samt båtutleige. Etablering av utleigehytter i området vil medføre vesentleg meir privatisering av strandsona i området enn dagens situasjon, som er naustføremål. Innspelet vert ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding: Negativ tilråding**

# 5. RÅSTOFFUTVINNING

## 19.14489_1 Råstoffutvinning, og 19.14489_2 Blågrønstruktur, gbnr. 82/8

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Fritidsbustader | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>19.14489_1 (1): Råstoffutvinning<br>19.14489_2 (2): Blågrønstruktur<br><br>KU er tatt for innspel 1 ettersom omfang av vegetasjon/skjermingssone (innspel 2) rundt uttaket må vurderast meir konkret i ein reguleringsplan for området. Vegetasjon/skjermingssone er særs positivt for verdiar knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap m.v., samt støy og støv. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 19.14489_1 (1): 11,2 daa<br>19.14489_2 (2): 7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg sør for Søre Kvalvågen. Aktuelt areal har dei siste 15 åra vore nytta som masseuttak for ein lokal entreprenør. Området mot nord består av fritidsbustader og naust, medan området elles er spreidd utbygd landbruksområde. Deler av innspela i nord ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet), men det er her etablert fleire tiltak/reguleringsplan mellom innspela og sjø. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Støy<br>Naturressursar |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: impediment, skog med høg og særs høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Storparten av området er allereie sprengt og planert. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br><br>Mindre deler i nord ligg i strandsona, som mellom tiltaka og sjø er definert som utilgjengeleg grunna eksisterande tiltak. | Ingen særskilt negative konsekvensar. Terrenget mot sjø vil vera dels urørt og omfatta av vegetasjon/skjermingssone. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekom- | Det er allereie gjennomført masseuttak i området over lenger tid. Ei arealføremålsendring som speglar gjevne løyver og bruk i området vil | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | ande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er kupert, med eit høgdedrag mot nordvest. Terrenget skrår opp til dette høgdedraget, som dels vert omfatta av vegetasjon/skjermingssone.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykket. Terrenget mot sjø vil vera dels urørt og omfatta av vegetasjon/skjermingssone. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 0,8 daa skog med særs høg bonitet og 2,2 daa skog med høg bonitet. | Ei utbygging medføre tap av eit skogsareal med høg og særs høg bonitet. Innspela vil sikre eit vidare uttak av massar i området. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande verksemd. Det er kommunal veg utan fortau og veglys fram til fv. 4944, som òg er utan fortau og veglys. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet speglar bruk i området over lenger tid. Masseuttak kan vera negativt for enkeltbustader, og sikring av vegetasjon/skjermingssone rundt uttaket vil betre tilhøva. Innspelet ligg om lag 10 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 0,8 daa skog med særs høg bonitet og 2,2 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Innspelet sikrar framleis drift i eksisterande masseuttak, som gir lokale arbeidsplassar og vil vera positivt for næringsutviklinga, samt sikre sysselsettinga i bedrifta og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Ein særs avgrensa del i nord ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsona er her regulert til fritidsbusetnad, og innspelet har såleis avgrensa verknad med omsyn til strandsone. |  | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet bidrar til å skape arbeidsplassar, bruk av lokale massar. Bruk av ein lokal ressurs reduserer transportbehov og $co_2$-utslepp, samt belastning på offentleg vegnett. Areala er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs kommunal veg eller fv. 4944. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Masseuttaket genererer støy i dag. Sikring av vegetasjon/skjermingssone er viktig for å redusere støy i frå verksemda. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-1** | **0** | **0** | **0** | **0** | **-1** | **+1** |

Aktuelt areal har dei siste 15 åra vore nytta som masseuttak. KU er tatt for innspel 1 ettersom omfang av vegetasjon/skjermingssone (innspel 2) rundt uttaket må vurderast meir konkret i ein reguleringsplan for området. Vegetasjon/skjermingssone er særs positivt for verdiar knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap m.v., samt støy og støv.

Deler av innspela i nord ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone , men det er her etablert fleire tiltak/reguleringsplan mellom innspela og sjø, og verknaden vert såleis avgrensa. Innspelet sikrar framleis drift i eksisterande masseuttak, som gir lokale arbeidsplassar. Innspelet vert på bakgrunn av dette positivt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding**

## Adm. 2_2 Råstoffutvinning, gbnr. 81/1, 3, 4 og 82/4

| **Skildring av arealendringa:** | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Næring | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Næring<br>Masseuttak/deponi | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 569,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ved Kvalvåg/Trollavatnet. Området ligg i eit delvis kupert LNF-område i nord, samt eit næringsområde i sør. Området er aust for E39, og dekkjer eit stort område med blant anna myr. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Myr<br>Støy |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med middels, høg og særs høg bonitet, myr.<br>Naturtypar: ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre store arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Innspelet omfattar eit større, urørt naturområde, inkludert myrområde, og vil ha vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald.<br>. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br>Potensielt tilgjengeleg strandsone: nei | Masseuttak kan ha negative konsekvensar for Trollavatnet vest for innspelet, samt for Krossvikevatnet nord for innspelet. Det er difor viktig at det blir lagt inn ei buffersone til vatn, samt at det blir teke særskilt omsyn | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | til vatn i reguleringsplan for området. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor området Moldbrekka, og har landskapstype Vestlandets skogsåser, dette har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet i området er relativt kupert, med myr og skogområde mellom knausane.<br><br>Sjå 3D-kart her: [Kommunekart 3D] | Det er eit stort areal, og området er urørt landskap. Tiltak og masseuttak vil difor medføre store terrenginngrep, samt både nær og fjernverknadar for området. | -3 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det meste av innspelet er dekka med skog av høg bonitet, men det er også mindre område registrert med svært høg bonitet og middels bonitet. | Ei utbygging medføre tap av eit større skogsareal med i hovudsak høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet ligg langs E39, med avkøyrsel til Kvalvågvegen. Det er mogleg å kople seg på denne vegen, men auke av eventuelle nye store maskinar vil medføre eit behov for oppgradering av vegstandarden, samt at det må etablerast veg frå Kvalvågvegen og mot masseuttak/deponiområdet. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelsområdet ligg langs hovudferdsleåra E39. Det ligg to bustadar i umiddelbar nærleik, samt at det er noko spreidd busetnad i nærleiken av innspelet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Innspelet omfattar store areal med skog av i hovudsak høg bonitet, samt ein del myrområde. | | -3 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Innspelet kan bidra til sysselsetting i kommunen. Det er viktig at det blir sikra i føresegner og reguleringsplan at området skal tilbakeførast til nydyrka mark etter at masseuttak og deponiperioden er over. | | +2 |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er næring/råstoffutvinning. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstandarden i Krossvikevatnet svært god, mens det ikkje er registrert miljøtilstand i Trollavatnet. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet kan bidra til å skapa arbeidsplassar med god lokalisering i forhold til E39. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal grunnast i behovsvurdering | | |

| **ROS-analyse** |
|---|

| **Naturfare** | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg delvis under marin grense (ved Krossvikvatnet) | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Krysset frå E39 og brua over må oppgraderast for å vera eigna for auke bruk av stor transport, og ny tilkomstveg frå Kvalvågvegen mot deponiet må etablerast. Trafikksikring må vera sentralt i utarbeiding av eventuell reguleringsplan. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er raud og gul støysone tilknytt E39. Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspela. Innspelet kan også medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Høgspentleidning går innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 3,5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | -1 | -3 | 0 | -2 | -1 | 0 | -3 | +2 |

Innspelet omfattar eit stort, urørt areal for masseuttak og deponi av massar. Det vil medføre store terrenginngrep, noko som vil ha både nær og fjernverknad for området, og det er vesentlege negative konsekvensar for fleire tema av innspelet. Innspelet kan bidra til å skapa arbeidsplassar med god lokalisering i forhold til E39, og vil vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal grunnast i behovsvurdering.
Området kan såleis tilrådast positivt dersom det er behov for eit næringsareal i dette området. Ein må i såfall sjå på avgrensing og storleik på området.

ROS-analyse: Kvikkleire, Trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent.

**Fagleg tilråding innspel: Positiv ved behov**

# 6. NÆRINGSBYGNINGAR

## 16.11592_2 og _3 og 23.3166 Næringsbygningar, 16.11592_1 Hamneområde i sjø, gbnr. 80/3, 16

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>16.11592_2 (1): friluftsområde<br>16.11592_3 (2):<br>KPA: bustadføremål, LNF<br>Reg.plan: Næring, LNF<br>23.3166 (3): LNF, naust og småbåthamn<br>16.11592_1 (4): Hamneområde i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>16.11592_2 (1): Næringsbygningar<br>16.11592_3 (2): Næringsbygningar<br>23.3166 (3): Næringsbygningar<br>16.11592_1 (4): Hamneområde i sjø | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1: 1,8 daa<br>2: 2,65 daa<br>3: 1,2 daa<br>4: 4,2 daa |
| **Skildring av området** | Deler av områda er allereie utbygd for næringsverksemd knytt til sjø av Fjon Bruk AS. Store delar av areala er regulert i plan 2008001. Innspelsområda er i tilknyting og/eller innanfor det regulerte området, men med andre arealføremål enn næring.<br>Innanfor innspel 2 er det meste av arealet ikkje utbygd.<br>3: Området er planert, asfaltert og bygd. Det ligg i naturleg tilknyting til næringsverksemda til Fjon Bruk, og er i dag del av naustføremål N_33. Det er også etablert brygge. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturmangfald i sjø/på land<br>Landskap<br>Naturressursar<br>Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1 og 4: sjø<br>2: skog med særs høg bonitet<br>3: ingen registreringar<br>Naturtypar:<br>1, 3 og 4: ingen registreringar<br>2: NIN-registrering av kystlynghei med stor verdi.<br>3: Ingen registreringar<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde:<br>1, 3 og 4: Det er registrert rasteområde/funksjonsområde for Andefuglar i Fjonavika. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>1 og 3: Innspela vil ikkje medføre vesentlege konsekvensar for naturmangfaldet.<br>2: Innspelet vil medføre vesentlege konsekvensar for utvald naturtype (registrert kystlynghei). | 1: 0<br>2: -2<br>3: -1<br>4: -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 2: ingen registreringar<br>Artar:<br>1, 3 og 4: Ingen registreringar innanfor innspelsområda, men fleire registreringar like utanfor/rundt (gråmåke VU, granmeis VU, lappfiskand VU).<br>2: Ingen registreringar<br>4: Det er registrert regionalt viktig gytefelt for torsk innanfor innspelet i nord.<br><br>Fjonelva er registrert i lakseregisteret med moderat bestandstilstand for sjøaure, mens det ikkje er registrert sjølvreproduserande bestand av laks eller sjørøye i elva. | 4: Innspelet vil medføre konsekvensar for registrert gytefelt for torsk. Flyte-brygga er etablert i dag, og er del av etablert nær-ingsverksemd i området.<br><br>Næringsverksemda er allereie etablert i området, og endring av arealføremål vil truleg ikkje endra konsekvensen for sjøaurebestanden i Fjonelva. | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Areala er ikkje synt som poten-sielt tilgjengeleg strandsone. Ettersom areala er regulert er det ikkje synt funksjonell strandsone i området. | Området er i dag nytta til næringsverksemd, og er ikkje tilgjengeleg for ålmenta som frilufts- og rekreasjonsområde. | 0 |
| **Landskap** | 1, 3 og 4: Innspela er ein del av Åpent fjordlandskap med beby-ggelse/infrastruktur (NIN). Innspela ligg innanfor landskaps-type Middels brede fjordløp, og har landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/eller over gjennom-snittet lokalt.<br>2: Innspelet er del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NIN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, og har landskapsverdi 2 – vanlig føre-komande i lokal samanheng.<br><br>Innspel 1 og 4 ligg i Fjonvika mot aust, og innspel 2 ligg mot aust frå oppdrettsanlegget like sør for Fjonelva. Innspel 3 grensar til Fjon Bruk AS i vest, området rundt er kupert med spreidd busetnad/bygging. Innspela ligg tilknytt eksisterande nærings-verksemd og infrastruktur.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Tiltaka vil medføre ytter-legare arealbeslag enn det gjeldande arealføremål har på landskapet, både på land og i sjø. Utfylling i sjø vil ha negative verknadar for landskapet, men arealet ligg i tilknyting til allereie utbygd areal, og verknadane er såleis avgrensa.<br><br>1, 3 og 4: Utviding av nær-ingsverksemd vil ikkje medføre vesentlege endri-ngar i landskapsuttrykk.<br>2: Det er bratt terreng i den ubygde delen av innspelet, utbygging her vil medføre terrenginngrep. | 1: -1<br>2: -2<br>3: -1<br>4: -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | 1, 3 og 4: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, | 1, 3 og 4: Ingen kjende konsekvensar. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | kulturminne- eller miljø innanfor innspela.<br>2: Det er registrering av heller aust for innspelet, samt to ved Fjonelva nord-vest for innspelet. | 2: Kulturminna i nærleiken må bli teke omsyn til | |
| **Naturressursar** | 1 og 3: Ingen registreringar.<br>2: 1,5 daa skog med særs høg bonitet, elles impediment skog i området.<br>4: Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskapar innanfor innspelet; Garnplasser sei og lyr. Tidlegare fiske etter torsk og ål redusert pga. sterk tilbakegang av desse artane. Turist- og fritidsfiske i sommarhalvåret. | 1 og 3: Ingen kjende konse-kvensar.<br>2: Ei utbygging medføre tap av eit avgrensa skogsareal med særs høg bonitet.<br>4: Flytebrygga er etablert i dag, og er del av etablert næringsverksemd i området | 1: 0<br>2: -1<br>3: 0<br>4: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspela har etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, det ligg i tilknyting til eksisterande bygde næringsområde, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944, men ikkje fortau eller gatelys. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet omfattar eit allereie utbygd næringsområde, og ei ut-viding av næringsverksemda vil ikkje ha store negative konse-kvensar for nærmiljø og stadutvikling. Det er om lag 10 km til Sveio sentrum. Det er camping-verksemd nord for Fjonelva som kan bli påverka av utviding av næringsområdet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 1, 3 og 4: Ingen registreringar<br>2: 1,5 daa skog med særs høg bonitet, som er definert som karbonrike areal | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ei mindre utviding av næringsføremål for Fjon Bruk AS vil vera positivt for næringsutviklinga, samt sikre sysselsettinga i bedrifta og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | 1, 3 og 4: Innspela ligg i sjø, som er naudsynt til denne type sjøretta næring. Strandsonerettleiaren legg fram at ved lokalisering av næringsområde som treng liggje til sjø, bør det vektleggjast om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping. SPR seier at visse tiltak nær sjøen kan vere grunnlag for å bli tillate, som brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna bygningsmasse.<br>2: Delar av innspelet er innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, denne delen er bygd. Den grensar og til Fjonelva, og må difor ta særskilt omsyn til desse forholda i ev. reguleringsplan.   | | |
| **Samfunnsnytte og bere-kraft** | Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsverksemd. Det vil difor vera av stor samfunnsnytte å sikra at eksisterande næringsverksemder kan fortsetja | | |

| | |
|---|---|
| | drifta si, og ha ei god næringsutvikling. Det er vurdert som berekraftig å leggja til rette for næringsverksemder der det allereie i stor grad er utbygd. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Innspelet ligg delvis innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum ved Fjonelva. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg til sjø og vert råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs vegen, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone tilknytt fv. 4944. Det er ingen andre kjende støykjelder i nær-leiken av innspela, men innspelet kan medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1, 3 og 4: Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet.<br>2: Høgspentlinje går gjennom innspelet aust-vest. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **1: 0** | **0** | **1: -1** | **0** | **1: 0** | **0** | **0** | **0** | **+1** |
| **2: -2** | | **2: -2** | | **2: -1** | | | | |
| **3: -1** | | **3: -1** | | **3: 0** | | | | |
| **4: -2** | | **4: -1** | | **4: -2** | | | | |

Innspela vil ha negativ konsekvens for naturmangfald, landskap og naturressursar. For innspel 1, 3 og 4 er det registrert funksjonsområde for andefuglar i sjøområdet, og for innspel 2 er det registrert kystlynghei, som er ein utvald naturtype i delar av området.
Det må tas omsyn til funksjonsområdet (1, 3 og 4) og kystlynghei (2) i reguleringsplan for området.
Området har arealføremål naust i gjeldande KPA, arealet er allereie berørt/bygd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy.

**Fagleg tilråding: Positiv tilråding**

## 16.11652 Næringsbygningar, gbnr. 92/16

| **Skildring av arealendringa:** | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring** |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Næring |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 28,8 daa |
| **Skildring av området** | Området ligg like sør for Bjellandsvatnet, og aust for Bjellandselva. Området ligg som LNF-område i gjeldande kommuneplan, men har tidlegare fått godkjenning om å sprenge og planere. Området ligg sør for registrert fuglereservat, med gong- og sykkelveg og Fv47 som skil området mellom fuglereservat og føreslått næringsareal i to. Området bestod opphavleg av eit svakt høgdedrag, der massane er tekne ut. Området er delvis grovplanert. Bjellandselva ligg vest for innspelsområdet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Skog med høg bonitet<br>Trafikksikring – overgangsfelt<br>Støy |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar. Like nord for innspelet ligg Bjellandsvatnet naturreservat, som er eit særs produktivt våtmarksområde som har fleire funksjonar som trekk- og hekkeområde for ender og vadefugl.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Storparten av området er allereie sprengt og planert. Næringsverksemd i dette området vil kunne verke forstyrrande for fugl i verneområdet, som ligg tett på innspelet. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br>Potensielt tilgjengeleg strandsone: nei | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av innlandsslettelandskap (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps- | Det er allereie gjennomført inngrep i form av sprenging og planering i området frå | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | type Kystheiene, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet i området er stort sett slett, planert areal, men noko kuperte haugar. Det ligg tett på Fv.47, med produktiv skog mellom innspelsområdet og fv.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | før. Utviding av næringsverksemd vil ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykket. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 3 daa skog med høg bonitet. | Ei utbygging medfører tap av noko gjenståande skogsareal med høg bonitet, men det meste av skogen i området er allereie tatt ut. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er tidlegare godkjent avkøyrsle frå fv. 47, som på denne staden er oversiktleg og god. Det er sykkel- og gangsti, samt kollektivtilbod langs fv. 47 på motsett side av vegen. | | +1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelsområdet ligg nært Sveio sentrum og langs hovudferdsleåra fv. 47 som har tilrettelagt gong- og sykkelveg. Det ligg ingen bustadar i umiddelbar nærleik, men litt spreidd busetnad rundt. Sveio sentrum ligg om lag 1,5 km frå innspelet. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Om lag 3 daa skog med høg bonitet. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Næringsføremål kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er næring. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Bjellandsvatnet ligg ikkje inne i Vann-nett, men Mannavatnet, som ligg sørvest for Bjellandsvatnet er registrert med god miljøtilstand. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet kan bidra til å skapa arbeidsplassar med god lokalisering. Innspelsområdet er i god nærleik til Sveio sentrum, og kan difor ha ei ringverknad på næringsaktiviteten der. Det er vurdert som berekraftig å leggja til rette for næringsverksemder i område som allereie er påverka av inngrep. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje under marin grense. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Trygg overgang for mjuke trafikantar frå innspelsområdet til gong- og sykkelveg må sikrast i reguleringsplan. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er raud og gul støysone tilknytt fv. 47. Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspela. Innspelet kan også medføre støy i seg sjølv, avhengig av kva type næring som blir etablert. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Høgspentleidning går innanfor innspelet. Den følgjer sørleg grense, samt at det går over mot nord i vestre del av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 1 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | 0 | -1 | 0 | 0 | +1 | 0 | 0 | +1 |

Tiltaket vil medføre eit arealbeslag av om lag 3 daa skog med høg bonitet. Arealet er allereie i stor grad planert, og det ligg relativt tett på Sveio sentrum. Næringsverksemd i dette området vil medføre støy og negative konsekvensar for fugl i verneområdet, som ligg like nord for innspelet. Innspelet ligg ikkje i umiddelbar nærleik til bustadar. Det vil vera viktig å sikra Bjellandselva som ligg vest for innspelsområdet. Det er positivt at innspelet ligg langs fv. 47 med etablert avkøyrsle og gong- og sykkelveg inn mot Sveio sentrum.

Ein reguleringsplan for område må avklara type næring i området, og sikra at det ikkje vert for stor påverknad på tilgrensande verneområde og Bjellandselva.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent.

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding**

## 17.17368_1 Næringsbygningar, gbnr. 80/11, 17.17368_2 Blågrønstruktur

| **Skildring av arealendringa:** | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Fritids- og turistføremål (FT_6) | **Arealendring** |
| **Planlagt arealbruk:**<br>17.17368_1 (1): Næring ( akvak.)<br>17.17368_2 (2): Blågrønstruktur langs elva<br><br>KU er tatt for næringsføremålet ettersom omfang av vegetasjons-sone langs elva må vurderast meir konkret i ein reguleringsplan for området. Sikring av vegetasjons-belte langs elva er særs positivt for verdiar knytt til naturmang-fald, friluftsliv, landskap m.v., samt ift. flaum og flaumreguler-ing. |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 17.17368_1 (1): 19,5 daa<br>17.17368_2 (2): 2,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelsområdet består av areal langs Fjonelva, areal knytt til fv. 4944, og areal som i dag er nytta til campingplass. Campingplassen vart nyopna i 2019. Arealet er i kommuneplanen avsett til fritids- og turismeføremål, og sjøarealet utanfor er avsett til småbåthamn. På andre sida av elva er det etablert næringsareal tilknytt akvakultur, som har eit ønske om å kunne utvide verksemda si til nordsida av elva. Eit belte langs elva er føreslege avsett til vegetasjonsbelte/grøntstruktur. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturmangfald<br>Landskap<br>Kulturmiljø<br>Strandsone<br>Friluftsliv |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Marslag: impediment, skog<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Det er registrert rasteområde/funksjonsområde for Andefuglar i Fjonavika.<br>Artar: Fleire registreringar: gråspurv, storskarv, teist, tjeld, stær (alle NT), gråmåke, granmeis, fiskemåke, lapp-fiskand, gulspurv, grønfink, ærfugl (alle VU), dvergdykker, makrellterne (begge EN), hettemåke og vipe (begge CR.<br><br>Fjonelva er registrert i lakseregisteret med moderat bestandstilstand for sjøaure, mens det ikkje er registrert | Arealføremålsendringa vil kunne medføre ei høgare utnytting, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Ev. auka støy og generell aktivitet vil kunne påverke registrerte verdiar negativt.<br><br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og natur-mangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inn-grep og arealbeslag.<br><br>Det er allereie næringsverksemd i | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | sjølvreproduserande bestand av laks eller sjørøye i elva. | området. Endring frå fritid og turisme til utviding av Fjon bruk til begge sider av elva kan vera negativt for sjøaurebestanden. | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: ingen<br>Registrerte friluftslivområde: ingen<br><br>Tiltaket ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone, og vil medføra beslag av potensielt tilgjengeleg strandsone. | Dagens bruk er camping, som er positivt for friluftslivet. Endring av arealføremål til næring vil føre til privatisering av området, som vil vera negativt for friluftslivsverdiane. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN), og ligg innanfor landskapstype brede fjordløp/ vågsvatn, og har landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Arealføremålsendringa vil kunne medføre ei høgare utnytting, og føre til ei endring av landskapskarakter. Like vel vil det ikkje vera eit nytt element i landskapet ettersom Fjon Bruk er etablert like ved. Det vil ha både nær- og fjernverknad med utvida næringsverksemd. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspela. Det er registrert eit automatisk freda kulturminne (eldstad). Kulturminnet er i frå før dels øydelagd av etablert veg. | Tiltaket vil få konsekvens for det registrerte kulturminnet, og korleis dette skal handterast må vurderast meir konkret og synast i reguleringsplan for området. | -2 |
| **Naturressursar** | 1,7 daa impediment, elles bygd/ planert areal. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet har etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, det ligg i tilknyting til eksisterande bygde næringsområde (sør for Fjonelva), og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944, men ikkje fortau eller gatelys. Arealendringa vil derimot auke bruken av infrastrukturen, noko som kan medføre behov for oppgradering. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet omfattar eit allereie utbygd fritid og turisme-område, og ei utviding av næringsverksemda til Fjon Bruk AS vil ha negative konsekvensar for nærmiljø og stadutvikling til reiselivsnæringa/turismen til campingplassen. Innspelet ligg om lag 10 km frå Sveio sentrum. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Impediment (skog), som ikkje er rekna for særleg karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Det er negativt for turismen i området dersom campingområdet blir erstatta med sjøretta næring. Utvidinga av næringsområdet til Fjon Bruk vil gjera anlegget til ein bærebjelke for sin postsmoltproduksjon. Området er sjønært og bygger opp under næringa som er etablert. Utvidinga kan få positive verknadar for sysselsetting i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelsområdet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og vassdrag, og innanfor funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren legg fram at ved lokalisering av næringsområde som treng liggje til sjø, bør det vektleggjast om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping. SPR seier at visse tiltak nær sjøen kan vere grunnlag for å bli tillate, som brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til anna bygningsmasse. Arealendringa er i tråd med | | |

| | |
|---|---|
| | regional kystsoneplan for Sunhordland og ytre Hardanger sitt delmål om sjøtransport og maritim næring (5.1).<br><br> |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsverksemd. Det kan vera av stor samfunnsnytte å sikra at eksisterande næringsverksemder kan fortsetja drifta si, og ha ei god næringsutvikling. Samstundes er det allereie etablert campingplass på området, og ei endring til næringsføremål vil vera negativt for denne verksemda. Det er vurdert som berekraftig å leggja til rette for næringsverksemder der det allereie i stor grad er utbygd. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Delar av innspelet ligg innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum ved Fjonelva. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs vegen, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone tilknytt fv. 4944. Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspela, men innspelet kan medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-1** | **-2** | **0** | **+1** | **-1** | **0** | **+1** |
| Tiltaket vil medføre arealbeslag og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, då det er registrert funksjonsområde for artar samt fleire artar som er på raudlista. Det er også registrert kulturminne innanfor innspelsområdet. Desse artane og kulturminnet må takast særskilt omsyn til i utarbeiding av reguleringsplan for området. KU er tatt for næringsføremålet ettersom omfang av vegetasjonssone langs elva må vurderast meir konkret i ein reguleringsplan for området. Sikring av vegetasjonsbelte langs elva er særs positivt for verdiar knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap m.v., samt ift. flaum og flaumregulering.<br><br>Området er nytta til turisme ved camping-verksemd, arealet er difor allereie rørt/nedbygd. Det vil ha negative konsekvensar for reiselivsnæringa/turisme dersom arealføremålet blir endra frå fritid- og turisme til næring. Grunneigarane sjølve ønskjer å behalde fritids- og turismeføremålet for å kunne halde fram med si drift.<br><br>ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy. | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel 17.17368_1 og 17.17368_2: Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 17.17370_2 og 19.14484 Næringsbygningar, og 17.17370_1 Hamneområde i sjø, 82/8 m.fl

| **Skildring av arealendringa:** | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Næring (N_12), LNF<br>Friluftsområde (i sjø)<br>**Planlagt arealbruk:**<br>17.17370_2 og 19.14484 (1): Næringsbygningar (vurdert samla)<br>17.17370_1 (2): Hamneområde i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 17.17370_2 og 19.14484 (1): 8,5 daa (inkl. eks. N_12)<br>17.17370_1 (2): 6,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Kvalvågneset, ut mot Ålfjorden. Området er delvis bygd med næringsbygg og mindre hamner for fartøya Vågen, Joton I og II som driv med fiskeri og sjøretta næring. Delar av innspelsområdet er i gjeldande KPA næringsareal (N_12), medan området i nord er ubygd strandsone- og landbruksområde. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Landskap |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: 0,6 daa fulldyrka jord og 0,7 daa innmarksbeite<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar.<br>Ingen innanfor innspela, men like utanfor er det registrert gytefelt (hyse, lyr, samt regionalt viktig gytefelt for torsk) | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br><br>Tiltaka er innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone, og vil medføra beslag av potensielt tilgjengeleg strandsone. | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Relativt åpent fjordlandskap med bebygde område- er (NiN). Innspelet ligg innanfor lan- dskapstype Vågsvatn, med land- skapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er flatt og ope. Området rundt er i spreidd bygd.<br><br>Sjå 3D-kart her: [Kommunekart 3D] | Tiltaka vil medføre ytterlegare arealbeslag enn gjeldande areal- føremål hadde på landskapet, både på land og i sjø. Utfylling i sjø vil ha negative verknadar for landskapet. Det vil ha nær- og fjernverknad med utvida næringsverksemd. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-byg- ningar, kulturminne- eller miljø inn- anfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 0,6 daa fulldyrka jord og 0,7 daa innmarksbeite<br>2: Ingen innanfor innspelet, men like utanfor er det registrert fiskeplassar for både aktive og passive reiskap. | 1: Tiltaka vil føre til omdisponering og nedbygging av eit avgrensa areal fulldyrka jord og innmarksbeite. Arealet ligg i randsona, og vil ikkje splitte opp eller vanskeleggjere drifta.<br>2: Tiltaka er tilknytt næring som haustar desse naturressursane. | 1: -1<br>2: 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet har etablert vegtilkomst og annan infrastruktur til området. Det er kollektivtilbod lands fv. 4944, men ikkje fortau. Det er 1 km frå innspels- området til fv. 4944. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet omfattar eit allereie utbygd næringsområde, og ei utviding av næringsverksemda vil ikkje ha store negative konsekvensar for nærmiljø og stadutvikling. Innspelet ligg om lag 11 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert 0,6 daa fulldyrka jord og 0,7 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. Avgrensa verknader grunna storleik. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Området er sjønært og bygger opp under næringa som er etablert der. Ut- vidinga kan få positive verknadar for sysselsetting i kommunen. | | +2 |
| **Strandsone** | Innspelsområdet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren legg fram at ved lokalisering av næringsområde som treng liggje til sjø, bør det vektleggjast om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping. SPR seier at visse tiltak nær sjøen kan vere grunnlag for å bli tillate, som brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna bygningsmasse. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Arealendringa er i tråd med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger sitt delmål om sjøtransport og maritim næring (kap.5.1). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Utviding av næringsverksemd på allereie etablert område, og rett arealføremål på rett plass for næringa som er etablert er positivt og samfunnsnyttig.<br>Det er positivt at auka næringsverksemd skjer der det allereie er etablert sjøretta næring, for å hindre å bygge ned urørte områder i strandsona. Ein større del av innspelet er urørt i dag, og ei utbygging i dette området vil vera negativt i eit miljøperspektiv. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert råka av stormflo/havnivåstigning. | | |

| Menneske- og verksemdbaserte farar | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje fortau langs vegen, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. Det er lys store delar langs vegen (ikkje siste del etter siste kryss). | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, men innspelet kan medføre noko auka støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 0 | 1: -1<br>2: 0 | 0 | 0 | -1 | +2 |

Tiltaket vil medføre arealbeslag på land og i sjø. Utfylling i sjø vil påverke landskapet i området. Innspelet svarar opp til delmål for sjøtransport og maritim næring i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (kap. 5.1). Deler av området er allereie rørt/bygd. Det er ikkje positivt for friluftslivkvalitetane å byggje ned potensielt tilgjengeleg strandsone, i form av strandområde nordre del av innspelet. Innspelet må difor justerast til utanfor stranda i nord.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik og støy

**Fagleg tilråding innspel 17.17370_2 og 19.14484 (1) og 17.17370_1 (2): Justert positiv tilråding. Innspelet må justerast vekk frå stranda i nord.**

# 7. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG

## 16.11675_1 og _2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 80/11

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF, Kombinert føremål (BH3) bustad og fritidsbustad<br>Friluftsområde i sjø | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk:**<br>16.11675_1 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>16.11675_2 (2): Tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm. |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 16.11675_1 (1): 1,9 daa<br>16.11675_2 (2): 1,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg inst i Ålfjorden, i Rasmusvika ut mot neset. Det grensar til arealføremål kombinert arealføremål bustad og fritid. Det ligg eit eksisterande naust inst i Rasmusvika som grensar til innspelsområdet. Innspelet ligg i funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Impediment skog<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde:<br>Fjonavika er registrert som funksjonsområde/beite- og rasteområde for andefuglar. Registrert som viktig.<br>Artar: Ikkje registrert<br>Registrert gyteområde for torsk, hyse og lyr like utanfor | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som har funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br>Innspelet ligg i strandsona, og arealet i aust er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med relativt svak hellingsgrad. | Bygging av naust i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Ålfjorden, som er ein del av landskapstypen Middels brede fjordløp. Området er registrert med verdi 3 - middels verdi.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Utbygging med naust i dette området vil medføre negative landskapsverknader i strandsona i området. Det er ikkje spesielt bratt terreng i området, men det er små- | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | kupert, og det vil såleis vera behov for terrenginngrep. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Innspelet er registrert som lauv-skog, impediment.<br>Det er registrert fiskeriinteresser i sjøområda, med låssettingsplass for makrell i Rasmusvika, denne er registrert som lite brukt. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje veg fram til innspelet, men det ser ut frå kartet som det går sti til naustet vest for innspelet. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er eit naust i området, elles kombinert føremål med bustadar og fritidsbustadar i området. Det er fleire tiltak til sjøen i Rasmusvika (bryggeanlegg, naust x3). Innspelet ligg om lag 10 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal i området. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren, då innspela er ubygde område i dag. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet vil vera tilknytt allereie eksisterande naust og busetnad, men omfattar ubygd areal på eit nes.<br>Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje tilkomstveg til området i dag. Innspelet vil gi opning for nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. Dette må vera tema i ein ev. reguleringsplan i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | |
|---|---|
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -1 | -2 | 0 | 0 | -1 | 0 | 0 | X |

Innspelet ligg i Rasmusvika. Det er ingen tiltak på neset der innspelet er plassert, men i nærområdet er det eit naust i vest for innspelet, samt at tilgrensande areal i vest har kombinert arealføremål for bustad og fritid. Lenger nord i Rasmusvika er det fleire tiltak til sjø.

Innspelsområdet har kvalitetar knytt til rekreasjon/friluftsliv, landskap, fiske og naturmangfald. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at det er grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet vil medføre terrenginngrep i urørt strandsone, og er vurdert til å ikkje vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding innspel 1 (16.11675_1) og 2 (16.11675_2): Negativ tilråding**

## 16.13030 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 80/11

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>Kombinert føremål (BH3)<br>bustad og fritidsbustad</td><td rowspan="2">Arealendring<br><br></td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>Andre typar bygningar og anlegg (naust med tilhøyrande småbåt-anlegg)<br><br>Det står i innspelet at det er ønskjeleg med naust/båthus i tilknyting til garden, og vidare at eit naust på garden ikkje krev veg og parkeringsplass.</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>0,2 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg inst i Ålfjorden, i Fjonavika. Det er ei steinfylling og brygge i sjø i området i dag, og det er avmerka ein sti ned til innspelet frå bustadhuset. Innspelet ligg i Fjonavika, på innsida av Kasteholmen, og det er relativt grunt i området. Innspelet ligg i funksjonell strandsone.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Skog, sjø<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Fjonavika er registrert som funksjonsområde/ beite- og rasteområde for ande-fuglar. Registrert som viktig.<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjo-nar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og natur-mangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br>Innspelet ligg i strandsona, og are-alet er registrert som potensielt til-gjengeleg strandsone, med relativt svak hellingsgrad. | Bygging av naust i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskaps-området Ålfjorden, som er ein del av landskapstypen Middels brede fjordløp. Området er registrert med middels verdi.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Utbygging med naust i dette området vil medføre nega-tive landskapsverknader i strandsona i området. Det er ikkje spesielt bratt terreng i området, og det vil såleis ikkje vera behov for store terrenginngrep. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar** | Innspelet er registrert som lauv-skog, impediment.<br>Det er ikkje registrert fiskeriinte-resser i sjøområda. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje veg fram til innspelet, men det ser ut frå kartet som det går stiar både langs sjøen sørvestover til dei næraste nausta, og sti ned frå bustadhuset. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er spreidde naust i området. Innspelet ligg om lag 10 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal i området | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren, då innspela er ubygde område i dag. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje tilkomstveg til området i dag. Innspelet vil gi opning for eitt nytt naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-1** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **X** |

Innspelet ligg i Fjonavika, og med unntak av steinfyllinga innanfor innspelet, er det få andre tiltak i nærområdet. Arealet er avsett som utbyggingsføremål i dag, kombinert bustad/fritidsbustad, men det er ingen tiltak i området.

Strandsonerettleiaren for Vestland seier at det er grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Området er i dag i hovudsak urørt og tilgjengeleg for ålmenta. Om ein tillet private enkeltnaust i slike område basert på enkeltinnspel, utan ein heilskapleg plan for strandsona i samanheng med det bakanforliggande bustad- og fritidsbustadområde, vil dette kunne skapa presedens for ei uheldig spreidd utbygging av strandsona.

Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren, og innspelet vert ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 18.17009_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 49/1

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF-spreidd<br>LNF<br>Omsynssone bevaring kulturmiljø</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>18.17009_2 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>18.17009 _3 (2): Tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm.</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>18.17009_2 (1): 1,6 daa<br>18.17009 _3 (2): 1,4 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelet ligg i Leirpollen, aust for Tjernagelholmen og sør for Tjernagel-neset. Den inste delen av Leirpollen er utbygd med ein del naust, bustad-er og fritidsbustader. Det er ingen tiltak innanfor innspelet, men sør for området.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone</td></tr>
</table>

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog i sør, innmarks-beite i nord<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjo-nar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br><br>Innspelet ligg i strandsona, og deler av arealet (utanfor innmarksbeitet) er registrert som potensielt tilgjengeleg | Bygging av naust i området vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag, sjølv om det er relativt bratt terreng i området. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | strandsone, med relativt stor hellingsgrad. | | |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av landskapsområdet Sveio/Haugaland, som er ein del av landskapstypen Brede fjordløp og fjordmøter.<br><br>Det er avgrensa nærverknad og fjernverknad av innspelet, då det ligg i eit relativt smalt sund, utan bustadhus som har innsyn mot området.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbygging med naust i dette området vil medføre negative landskapsverknader i den urørte strandsona i området. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Tjernagelsholmen handelsstad, vest for innspelet, er eit kommunalt listeført kulturmiljø.<br><br>Innspelet ligg innanfor omsynssone kulturmiljø i kulturminneplanen. | Ei utbygging i området vil ikkje vera i direkte konflikt med registrerte kulturminne og kulturmiljø. | 0 |
| **Naturressursar** | Den sørlege delen av innspelet er registrert som lauvskog (impediment), mens den nordlege delen av innspelet er registrert som innmarksbeite. | Ei utbygging i området vil medføre tap av registrert innmarksbeite. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje veg fram til innspelet. Det ligg naust i nærleiken av innspelet, som ein truleg kan kopla seg til med omsyn til infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet grensar til eit område med eksisterande naust. Innspelet ligg 4 km frå sentrum av Auklandshamn. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert karbonrike areal i form av innmarksbeite innanfor innspelet. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren, då innspela er ubygde område i dag, og heller ikkje kopla mot bakanforliggande . | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje tilkomstveg til området i dag. Innspelet vil gi opning for nokre få nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. Dette må vera tema i ein ev. reguleringsplan. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 9 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -1 | -2 | 0 | -2 | -1 | 0 | -1 | X |
| Innspelet ligg i strandsona, i eit område som er utan tiltak i dag, og er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Relativt store deler av innspelet er registrert som innmarksbeite, og ei utbygging i området vil ha negative konsekvensar for naturressursar og eksponert landskap, ved at urørt strandsone vert bygd ut.<br><br>ROS-analyse: Kvikkeleire, stormflo/havnivåstigning | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel 1(18.17009_2) og (18.17009 _3): Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 19.12248_1 og _2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr.82/135 m. fl.

| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Friluftsområde i sjø | **Arealendring**<br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk:**<br>19.12248_1 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>19.12248_2 (2): Tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 19.12248_1 (1): 2,1 daa<br>19.12248_2 (2): 1,4 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg inst i Ålfjorden, på vest sida av Søre Kvalvågen. Det er bygd fem naust i området, og gitt løyve til eit naust i den sørlege delen av innspelet. Tilgrensande areal i nord er vist som bustad i gjeldande kommuneplan, og er dels utbygd. Nord for dette igjen ligg eit område for fritidsbusetnad. Innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Noko lauvskog av særs høg bonitet i sørvest og nordvest, elles bebygd og sjø.<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og natur-mangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inn-grep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert.<br><br>Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, i og med at det utelukkande er naust som er bygd innanfor innspelet. Det er registrert relativt bratt terreng i området, særleg i den nordlege delen. | Bygging av fleire naust i området vil medføre auka arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona. Området er allereie bygd ut med fleire einingar, og konsekvensen vil såleis vera avgrensa. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Sørevågen – Storevågen, som er registrert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. | Det er fleire tiltak/naust innanfor innspelet, og endring av føremål vil ikkje medføre vesentlege | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelet er allereie i stor grad bygd ut med naust. Det vil vera innsyn til innspelet frå fritidsbusetnaden som ligg på austsida av vågen. Fjernverknaden er liten, då innspelet ligg inne i ein beskytta våg.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | endringar med omsyn til landskap. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er registrert noko lauvskog av særs høg bonitet innanfor innspelet.<br><br>Det er registrerte fiskefelt for aktive og passive reiskap utanfor naustområdet (aktive reiskap; notfiske etter makrell, sild og sei – mykje brukt område, passive reiskap; garnfiske etter sei, lyr, hyse, krabbefiske – turist- og fritidsfiske i sommarhalvåret). Felta dekker store deler av indre Ålfjorden. | Den registrerte lauvskogen er såpass liten i avgrensing at det ikkje vil vera negative konsekvensar knytt til endring av arealføremål. Dei registrerte fiskefelta vert ikkje negativt påverka av endring i føremål. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er vegtilkomst til området i dag. Det er allereie etablert fleire bygg i området, og eventuelle nye bygg kan truleg kopla seg på eksisterande infrastruktur i området. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er allereie etablert fleire naust i området. Det er om lag 10 km til Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert noko lauvskog av særs høg bonitet innanfor innspelet, men det er to mindre areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då området i stor grad er utbygd med naust og brygger innanfor innspelet. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det positivt å ta i bruk område som allereie er dels utbygd og planert, framfor urørte areal. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til havnivåstigning og stormflo. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Endring av arealføremål vil truleg ikkje ha innverknad på trafikktryggleiken i området, då store deler av innspelet allereie er bygd ut. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-1** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **X** |

Området er allereie i stor grad utbygd med naust, og det er gitt løyve til eitt ekstra naust sør i innspelet.
Det er ingen kjende vesentlege negative konsekvensar av innspelet. På bakgrunn av dette vert innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding innspel 1 (19.12248_1) og 2 (19.12248_2): Positiv tilråding**

## 19.16564_1-2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 48/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Omsynssone bevaring kulturmiljø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>19.16564_2 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>19.16564_1 (2): Andre typar bygningar og anlegg (småbåthamn/ anlegg) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 19.16564_2 (1): 2,7 daa<br>19.16564_1 (2): 2,8 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Nordre Tjernagel, ved Leirpollen, i eit område med spreidd busetnad. Det ligg eitt naust i den nordre delen av innspelet, og eitt naust like utanfor innspelet på nordsida. Det ligg eit fritidsbygg med brygge ved sjøen om lag i midten av innspelet. Flyfoto viser at det er relativt grunt i området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av høg bonitet, eit mindre areal med overflatedyrka mark, sjø<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert | 1: Bygging av fleire naust i området vil medføre auka arealbeslag og auka privatisering av strandsona, i | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Strandsona i området er i hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna eksisterande fritidsbygg og einebustad. Eit område heilt sør i innspelet er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. | eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag.<br><br>2: Etablering av småbåthamn i sjøområdet vil medføre auka arealbeslag og auka privatisering av strandsona (innspelet konkretiserer at småbåthavna er ønska for eigarar av naust og gards-bruket), i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområ-det Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjord-møter.<br><br>Det er relativt bratt i strandsona i den midtre delen av innspelet. I den sørlege delen av innspelet er det flatare, og i dette området er det eit mindre felt med dyrka mark.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Området er allereie dels ut-bygd med eitt naust i nord, og ein fritidsbustad. Utbygg-ing med fleire naust i dette området vil såleis ikkje endre på landskapskarakteren i området. Ei utbygging vil likevel medføre terreng-inngrep i urørt strandsone, og såleis gi negative land-skapsverknader, både når det gjeld sjølve bygga, småbåtanlegg og etablering av tilkomstveg.<br>Det er ingen område med busetnad som har utsikt mot innspelet, og innspelet ligg på austsida av eit sund. Både nærverknaden og fjernverk-naden er såleis vurdert til å vera relativt liten. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Omsynssone for bevaring av kulturmiljø, H570_58B, ligg i området, kring heile Leirpollen.<br><br>I området der fritidsbustaden ligg, like utanfor innspelsgrensa, er det SEFRAK-registrert ein ruin av naust. Den nordre delen av innspelet er omfatta av om-synssone kultur. Området er skildra slik: *Sjøbruksmiljø, Økland (36/21) Svært godt bevart naust/sjøhus med helletak. Båtstø, to naustruinar.* | Innspelet vil ikkje nødvend-igvis ha store negative konse-kvensar for kulturminnet, men det vil vera viktig å ta omsyn til kulturmiljøet og at eventuelle tiltak blir i tråd med miljøet. | -1 |
| **Naturressursar** | Innspelet overlappar med om lag 170 $m^2$ overflatedyrka mark.<br>Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i sjøområda. | Utbygging i området vil med-føre tap av mindre areal med overflatedyrka mark. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst heilt fram til området i dag. Det ligg ein fritids-bustad like utanfor innspelsgrensa, og det er truleg mogleg å kopla seg til eksisterande infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er allereie etablert naust og fritidsbustad i området. Småbåthamna vil ha ei naturleg tilknyting til naustområdet. Innspela ligg om lag 4 km frå sentrum av Auklandshamn. | | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| **Karbonrike areal** | Innspelet består av karbonrike areal i form av lauvskog av høg bonitet, og overflatedyrka mark. | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1: Ikkje relevant<br>2: Innspelet ønsker framtidig moglegheit for utleige av båtplassar. Dette kan bidra som lokale initiativ for reiselivet i ei lita grad. | x<br>+1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då innspelet grensar til eit område som er bygd ut med naust. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk dels urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje tilkomstveg heilt fram til området i dag. Innspelet vil gi opning for nokre få nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, men innspelet kan medføre auka støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 9 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **1: -2** | **-1** | **1: -1** | **-1** | **0** | **1: -1** | **1: X** |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | **2: -1** | | **2: 0** | | | **2: 0** | **2: +1** |
| Innspelet er dels bygd ut i den nordlege delen, mens det ikkje er tiltak i den midtre og sørlege delen av innspelet. Det er relativt bratt i den midtre delen av innspelet, og ved vika i sør er det overflatedyrka mark. Ei vidare utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i urørt strandsone, eller tap av landbruksjord.<br><br>Den nordlege delen av innspelet er omfatta av omsynssone kulturmiljø. Innspelet vil krevje terrenginngrep i sjø, og området i vika er grunt, noko som vil vera utfordrande for båtar som skal inn i området og leggje til kai ved lågvatn.<br><br>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel 1 og 2: Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 19.13825_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 51/6

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Friluftsområde i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>19.13825_2 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>19.13825_3 (2): Tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 19.13825_2 (1): 3,6 daa<br>19.13825_3 (2): 1,9 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg inst i Loknapollen, på vest sida av Bosvika. Det er spreidd bygd to naust i området. Tilgrensande areal i nord er ein fritidsbustad og ein einebustad. Bosneset er elles urørt område. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Impediment skog, innmarksbeite og sjø.<br>Naturtypar: utvalgt naturtype kystlynghei, svært stor verdi.<br>Naturvern: ingen registreringar<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av utvalgt naturtype med svært stor verdi, samt nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -3 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Innspelet er innanfor byggjeforbodssona og funksjonell strandsone. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg. | Bygging av fleire naust i området vil medføre auka arealbeslag og auka privatisering av strandsona. Området er allereie bygd ut med to einingar lenger inne i vika, ved å bygge ut lenger ute på neset vil det derimot ha konsekvens for friluftslivet. | -1 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Bømlafjorden, som er registrert som brede fjordløp og | Det er fleire tiltak/naust innanfor innspelet, og endring av føremål vil ikkje medføre | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | åpne fjordmunningar, med verdi 2 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjenn-omsnittet lokalt.<br><br>Innspelet er i stor grad urørt, med unntak av eksisterande naust lenger inne i vika. Det vil vera minimalt med innsyn til innspelet frå nærliggjande område. Fjernverknaden er liten, då innspelet ligg inne i ein beskytta våg.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | vesentlege endringar med omsyn til landskap. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er registrert innmarksbeite i nordre del av innspelet. | Tiltak vil kunne medføre arealbeslag av innmarksbeite. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er vegtilkomst til eksisterande naust i dag, men det er ikkje vegtilkomst vidare til innspelsområdet. Eventuelle nye bygg kan truleg kopla seg på eksisterande infrastruktur i området. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er etablert to naust i nærområdet, lenger inne i Bosvika. Innspelet ligg om lag 6,5 km frå sentrum av Auklandshamn. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er registrert 1,1 daa innmarksbeite i innspelsområdet. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | x |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren, då det ikkje er etablerte tiltak innanfor innspelet. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til havnivåstigning og stormflo. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Endring av arealføremål vil truleg ikkje ha innverknad på trafikktryggleiken i området, då store deler av innspelet allereie er bygd ut. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-3** | **-1** | **-2** | **0** | **-1** | **-1** | **0** | **-1** | **X** |
| Området er urørt, men grensar til NA_19 der det er eit eksisterande naust (samt eit utanføre naustføremålet). Det er argumentert at det er ugunstig plassering av eksisterande naust ettersom det er grunt og vanskeleg å leggja til med båt inne i vika. Flytting av naustføremålet er i tråd med retningslinjene til KPA, samt at det er ønskjeleg å finna eigna areal til småbåthamner og -anlegg inkl. naust/naustboder.<br><br>Heile Bosneset er omfatta av kystlynghei av svært stor verdi, noko som er eit viktig karbonlager og ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Innspelet er heller ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. På bakgrunn av dette er ikkje innspelet tilråda.<br><br>ROS-analyse: Kvikkleire, Stormflo/havnivåstigning | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel 1 (19.13825_2) og 2 (19.13825_3): Negativ tilråding** | | | | | | | | |

## 23.3868_10 og 11 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr.52/3 m.fl.

| **Gjeldande arealbruk:**<br>Kommuneplan: LNF, Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570_28) Friluftsområde i sjø<br><br>Reguleringsplan for gnr. 52 bnr. 3 Vestre Vågen: Friluftsområde på land og i sjø | **Arealendring**<br> |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk:**<br>23.3868_11 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>23.3868_10 (2): Andre typar bygningar og anlegg (småbåt-anlegg) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 23.3868_11 (1): 0,5 daa<br>23.3868_10 (2): 1,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ved Buavåg, inst i Vestre Buavågen, ved Kvitaneset. Innspelet ligg i eit område avsett til LNF i kommuneplanen, med omsynssone kulturmiljø. Det er ein del av reguleringsplan for Vestre Vågen, der innspelet er regulert til friluftsområde på land og i sjø. Det er bustadføremål i områda kring innspelet, og på sørsida av vegen ligg bustadfeltet Tørresplasset. I tilgrensande areal er det ført opp ein fritidsbustad i strandsona. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Lauvskog av høg bonitet, bebygd, sjø<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: I området er det registrert makrellterne, dvergdykker (begge EN), fiskemåke, gråmåke, ærfugl, grønnfink (alle VU), tjeld, storskarv, taksvale, vepsevåk og stær (alle NT). | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspelet er regulert til friluftsområde i reguleringsplanen for Vestre Vågen. Kvitaneset, som ligg like vest for innspelet, er registrert som nærturterreng, med verdi viktig. Området er | Bygging av naust og etablering av tilhøyrande småbåtanlegg i området vil medføre auka arealbeslag og auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | skildra som tursti, gravrøys, badeplass til sjø.<br><br>Strandsona i området er registrert som ikkje -potensielt tilgjengeleg, grunna fritidsbustad som ligg på tilgrensande areal i aust. | | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen Brede fjordløp og opne fjordmunninger.<br><br>Det er ingen tiltak i området i dag, men tilgrensande areal i aust består av ein fritidsbustad i strandsona. Terrenget er relativt bratt frå Gullvegen ned til sjøen. Det ligg nokre fritidsbustader på Kvitaneset, som vil ha utsikt mot innspelet, men det er liten fjernverknad, då innspelet ligg beskytta inne i Vestre Buavågen.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Området er ikkje bygd ut i dag, men det ligg ein fritidsbustad i tilgrensande strandsone i aust. Det er fleire etablerte naust og småbåtanlegg i vågen, og utbygging med fleire naust i området vil såleis ikkje endre på landskapskarakteren. Ei utbygging vil likevel medføre terrenginngrep i urørt strandsone, og såleis gi negative landskapsverknader, både når det gjeld sjølve bygga og etablering av eventuell tilkomstveg. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Innspelet er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø. Det er ikkje registreringar av kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet.<br><br>Aust for innspelet ligg kulturmiljø Buavåg, Hovda, Bergverk-gruveanlegg, som er eit kommunalt listeført miljø knytt til gullutvinning med gullgruver på Hovdaneset og ruinar etter gullvaskeri, stem om sjøhus i Buavåg.<br>Vest for innspelet og langs landarealet tilknytt innspelet ligg omsynssone for kulturmiljø for Sjøhuset «Sjøtun» i Buavåg. | Tiltaka kan medføre negative konsekvensar for kulturmiljøet | -1 |
| **Naturressursar** | 1: Innspelet består av 0,2 daa lauvskog av høg bonitet.<br>2: Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i området. | Utbygging vil ikkje medføre tap av særlege naturressursar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst heilt fram til området i dag. Det ligg ein fritidsbustad like utanfor innspelsgrensa, og det er truleg mogleg å kopla seg til eksisterande infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela ligg i eit område med bustader, fritidsbustader og naust.<br>Innspela ligg om lag 8 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Innspelet er registrert med karbonrike areal i form av lauvskog av høg bonitet. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i dette området. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren. Innspelet grensar til strandsone som er bygd ut, men det er ingen tiltak innanfor innspelet.. | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet, men det går ein liten bekk gjennom området. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje tilkomstveg heilt fram til området i dag. Innspelet vil gi opning for nokre få nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-2** | **-1** | **0** | **-1** | **0** | **-1** | **X** |

Det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i urørt strandsone. Den nordlege delen av innspelet er omfatta av omsynssone kulturmiljø. Innspela er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.

Området er regulert til friluftsområde. I ein reguleringsplan er området vurdert heilskapleg. Ei endring av eit avsett område for ålmenta må sjåast i samanheng med reguleringsplanen sine målsetnader, og vil såleis krevja omregulering.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding innspel 1 (23.3868_11) og 2 (23.3868_10): Negativ tilråding**

# 8. SMÅBÅTHAMN

## 23.7327_3 Småbåthamn, gbnr. 83/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Naust (land)<br>Småbåthamn<br>Friluftsområde (sjø) | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Småbåthamn | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 6,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i Mekjelandsvika inst i Storevågen. Området er eit etablert naustområde med tilhøyrande småbåtanlegg.<br>Grunna utfordringar knytt til naturtypen blautbotn ved eksisterande småbåtanlegg er det belyst at det er behov for båtplassar andre stader i Mekjelandsvika enn utanfor eksisterande naustrekkje. Ved eksisterande naustrekkje er det langgrunt og utfordrande å leggje til med båt. Ei felles småbåthamn vil difor kunna vera positivt for naustområdet som heilskap, samt for at båtturistar i Ålfjorden kan leggje til og besøkje Våga noko som vil vera positivt for den sesongbaserte kiosken i området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Naturmangfald |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Minimal del (0,008 daa) lauvskog av særs høg bonitet på land, elles bebygd og sjø.<br>Naturtypar: ingen registreringar<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag i sjø, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert | Etablering av småbåthamn i sjøområdet vil medføre auka arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. Småbåthamna | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. | skal kunne nyttast av ålmenta, og skal såleis ikkje medføre vesentleg grad av privatisering. | |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskaps-området Sørevågen-Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap.<br><br>Innspelet er i sjøen, som er relativt grunn. Landskapet på land er småkupert, med spreidd busetnad, gardsbruk, og innslag av naust i nærområdet.<br><br>Det er relativt bratt i strandsona ned mot sjø. Det er grunt vatn grunna naturtypen blautbotnsområde.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Området rundt på land er allereie i stor grad utbygd med naust. Ei utbygging av småbåthamn vil medføre terrenginngrep i urørt strandsone, og såleis gi negative landskapsverknader, både når det gjeld sjølve tiltaket og eta-blering av tilkomstveg.<br>Busetnad på motsett side av Storevågen vil ha utsikt mot innspelet, men det vil ikkje medføre store endringar i utsikt ettersom området allereie i stor grad er bygd. Både nærverknaden og fjernverknaden er såleis vurdert til å vera relativt liten. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registreringar av kultur-minne eller kulturmiljø innanfor innspelet.<br>Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i området. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i sjøområda. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst heilt fram til området i dag. Det er etablert naust langs Mekjelandsvika lenger sør, og det er truleg mogleg å kopla seg til eksisterande infrastruktur. Terrenget er bratt, noko som kan medføra at det blir behov for terrenginngrep for å leggje til rette for vegtilkomst. Elles blir tilkomst via båt. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er allereie etablert naust og småbåtanlegg i området. Småbåthamn vil ha ei naturleg tilknyting til naustområdet. Innspelet er frå sak om næringsområde til sjø, då det er belyst at det er behov for båtplassar for bebuarar og område for å leggje til for gjester i Våga. Dersom området blir nytta til både faste båtplassar og gjestehamn vil innspelet vera positivt for nærmiljøet og stadutviklinga. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | Ikkje registrert. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i sjø og innanfor funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, t.d. brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er bygd på fellesskapsløysingar, og er såleis i tråd med strandsonerettleiaren. | | |
| **Samfunnsnytte og bere-kraft** | Det vil vera nyttig for Sveio kommune å etablere fleire småbåthamner i kommunen. Felles småbåthamn i området kan vera positivt for naustområdet som heilskap, samt for at båtturistar i Ålfjorden kan leggje til og besøkje Våga. Landareala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er bart fjell. | | |
| Flaum | Liv og helse | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje tilkomstveg heilt fram til området i dag. Innspelet vil gi opning for småbåthamn og båtplassar. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. Dette må vera tema i ei ev. reguleringsplan. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, men innspelet vil kunne medføre auka støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-2** | **0** | **0** | **-1** | **+1** | **0** | **X** |

Området rundt innspelet er i stor grad bygd ut, men det ikkje er tiltak innanfor innspelet. Det er relativt bratt frå land mot innspelsområdet i sjø. Innspelet vil krevje terrenginngrep i sjø og på land for å få vegtilkomst til området, og området i vika er grunt blautbotnområde, noko som gjer at det er utfordrande for båtar som skal inn i området og leggje til kai ved lågvatn inne ved nausta. Fleire enkelte småbåthamner lenger ut frå kvart naust er difor ikkje å tilrå for naustområda.

Ei felles småbåthamn for eksisterande naustområde, samt gjesteplassar for besøkjande i Våga utanfor blautbotnområdet kan difor vera eit betre alternativ for området i heilskap, då småbåtanlegget er utanfor registrert blautbotnområde, men likevel i nærleik til eksisterande naustrekkje både i Vestre Odden og Mekjelandsvika.

Ei større småbåthamn vil krevja areal på land, tilkomst og parkering. Slike område skal ha plankrav, der det bør setjast krav om å vurdere ulike typar fellesskapsløyingar.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding ved behov**

# 9. HAMNEOMRÅDE I SJØ

## 22.6088 Hamneområde i sjø, ved gbnr. 52/3

| **Skildring av arealendringa:** | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Friluftsområde (i sjø)<br>Tilstøytande areal på land: Naust, LNF og omsynssone friluftsliv og bevaring kulturmiljø<br>**Planlagt arealbruk:**<br>Hamneområde i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 12,8 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ytst i Buavågen, på vestsida av vågen. Området er ikkje bygd ut i frå før, men grensar til areal avsett til naust i sør. Inste del av Buavåg er bygd ned med naust, fritidsbustader og bustader, og det er her ferjekai med samband til Bømlo.<br>Buavåg ligg strategisk plassert langs hovedskipsleia i Bømlafjorden, og er ei god hamn mot dei fleste vindretningar, med unnatak for nordavind. Ved å bygge ein skjerma lokasjon/molo, kan dette legge grunnlag for ei hamn for maritim næring/arbeidsplassar. Ved fleire høve har tilgang til kai for kommersielle fartøy, samt område for sjøsetting av utstyr/materiell via kranbil, blitt etterlyst i Buavåg. Moloen ute i vågen vil kunne leggje til rette for ei kommersiell hamn (like sør for moloen), og samstundes fungere som bølgedempande for heile Vestre Vågen, og såleis gi endå betre høve for meir aktivitet inne i vågen, med å m.a. opne opp for fleire plassar til fritidsbåtar. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Landskap<br>Friluftsliv |

| | |
|---|---|
| | Kulturmiljø |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: sjø, bart fjell.<br>Naturtypar: På tilstøytane areal på land er det registrert utvald naturtype Kystlynghei (middels verdi, med svært lav kvalitet og svært redusert tilstand i sør, og stor verdi i nord, med moderat kvalitet og tilstand.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: I området er det registrert makrellterne, dvergdykker (begge EN), fiskemåke, gråmåke, ærfugl, grønnfink (alle VU), tjeld, storskarv, taksvale, vepsevåk og stær (alle NT). | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som har funksjonar for naturmangfald med registrerte verdiar knytt til utvald naturtype og fleire truga fugleartar.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Kvitaneset, eit viktig friluftsområde av områdetype nærturterreng.<br>I gjeldande kommuneplan er det synt omsynssone friluftsliv å heile Kvitaneset (H530_24).<br><br>Tiltaka er innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet), og vil medføra beslag av potensielt tilgjengeleg strandsone med stor helling. | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv og det registrerte friluftslivsområdet. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Moderat bølgjeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og åpne fjordmunninger, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Det er ingen tiltak i området i dag, og terrenget er relativt bratt ned til sjø. Det ligg nokre fritidsbustader på Kvitaneset og på Buaneset som vil ha utsikt mot innspelet.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Utfylling i sjø og etablering av molo vil ha negative verknadar for landskapet. Det vil ha nær- og fjernverknad med næringsverksemd i dette området, som vil endre landskapskarakteren i området. Inste del av Buavåg er bygd ned med naust, fritidsbustader og bustader, og det er her ferjekai. Ei utbygging vil medføre terrenginngrep i urørt strandsone, og såleis gi negative landskapsverknader, både når det gjeld sjølve molo og hamneområde og etablering av tilkomstveg og naudsynt areal på land.<br><br>Då innspelet ligg noko beskytta i Vestre Buavågen er det vurdert ein noko avgrensa fjernverknad. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela.<br>I gjeldande kommuneplan er det synt omsynssone bevaring kulturmiljø (H570_29) på Kvitaneset. | Det er vurdert at innspelet vil få noko avgrensa verknad på omsynssona ettersom registrert kulturminne ligg lenger vest, i eit avgrensa landskapsrom. Innspelet ligg på andre sida av Kvitaneset, skjult bak knausar. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar** | Ingen registrerte verdiar. Landområda består i stor grad av kystlynghei, men også noko skog. | Ingen kjende verknader. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert vegtilkomst eller annan infrastruktur til området. Tilkomstveg må etablerast gjennom regulert friluftsområde, naust og bustadområde/innspelsområde for fritidsbustader lenger sør. Vestre vågen er ikkje brei, og etablering av ei ny hamn vil påverke innseglinga til vågen, samt at ei auke i båttrafikk vil kunne påverke ferjesambandet til Bømlo. | | -3 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg tett på Buavåg, og omfattar eit ubygd område, som grensar til regulert friluftsområde, naust og bustadområde/innspelsområde for fritidsbustader lenger sør. Ei etablering av eit ny hamn base/heimehamn for fartøy tilknytt fiskeri/havbruk/tenesteyting/offshore vind/service o.l. kan gi store negative konsekvensar for nærmiljø og stadutvikling. Arealendringa vil medføre meir aktivitet i området og auka trafikk på land og i sjø. | | -2 |
| **Karbonrike areal** | Ingen registreringar. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ei etablering av ei ny hamn vil kunne få positive verknadar for sysselsetting i området og i kommunen. | | +2 |
| **Strandsone** | Sjølv om sjølve hamneområdet vil liggja i sjø vil innspelet medføre store konsekvensar for tilgrensande strandsone. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. Strandsonerettleiaren legg fram at ved lokalisering av næringsområde som treng liggje til sjø, bør det vektleggjast om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping. SPR seier at visse tiltak nær sjøen kan vere grunnlag for å bli tillate, som brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna bygningsmasse. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Arealendringa er i tråd med regional kystsoneplan for Sunhordland og ytre Hardanger sitt delmål om sjøtransport og maritim næring (kap.5.1). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Etablering av hamneområde i sjø med molo vil kunne vera positivt med omsyn til skjerming av Buavåg, og kan såleis medføre meir aktivitet i vågen. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert tilkomstveg til innspelsområdet, der ny veg må kople seg på veg gjennom regulert bustadområde/innspelsområde for fritidsbustader lenger sør, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, men innspelet vil kunne medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6,5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-2** | **-2** | **-2** | **-1** | **0** | **-3** | **-2** | **0** | **+2** |

Det vil vera nyttig med hamneområde i sjø, og skjerming av Buavågen for bølgjepåverknad, men innspelet vil medføre arealbeslag på land og i sjø, og vesentlege negative konsekvensar for fleire tema.

Utfylling i sjø vil påverke landskapet i området vesentleg, og etablering av infrastruktur og tilkomstveg vil krevje store terrenginngrep på Kvitaneset. Innspelet vert ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik og støy

**Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding**

## 16.11621 Molo, gbnr. 52/65

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Kommuneplan: Bustad og Frilu-ftsområde i sjø<br>Reguleringsplan: Kombinert føremål småhus/næring, Trafikk-område i sjø | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Molo<br><br>Innspelet peikar på at det sjø-området er utsett for vind frå nord, noko som gjer at det er uråd å leggja båtar i området i haust- og vinterhalvåret. I tillegg lagar ferjene eit kraftig dragsug som medfører fare for utvasking under fyllingane som nokre av bygningane står på. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 2,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg i Buavåg, på austsida av ferjekaien. Det er ønskje om ein molo som skjermar vågen mot vind og dragsug frå ferjene. Deler av det aktuelle området for molo er omfatta av reguleringsplan frå 1999. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Bebygd, sjø<br>Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag i sjø og dels på land, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for ut-byggingspress, og natur-mangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ikkje registrert<br>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert<br>Strandsona ytst på neset er registrert som potensielt tilgjengeleg, mens resten av neset er registrert som inngrepsnær.. | Etablering av molo i sjøområdet vil medføre arealbeslag, men kan også betre tilhøva for fritidsbåtar i vågen. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområ-det Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen Brede fjordløp og opne fjordmunninger. | Området rundt på land er allereie i stor grad utbygd med ferjekai, bustader og naust. Ein molo i området vil truleg medføre terreng-inngrep i strandsona ytst på | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Området kring innspelet er i stor grad utbygd, med ferjekai, bustader og naust.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | neset, som er urørt, og såleis gi negative land-skapsverknader. Tiltaket vil likevel ikkje endre det heilskaplege inntrykket av området, og både nærverknaden og fjernverk-naden er såleis vurdert til å vera relativt liten. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Den austlege delen av innspelet er om-fatta av omsynssone kulturmiljø H570_60B, knytt til sjøbruksmiljø. Det er nokre sjøhus/naust og to bustadhus som ligg heilt til sjøen. Det er ikkje registreringar av kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. På austsida av vågen ligg eit naust som er SEFRAK-registrert og kommunalt listeført. | Tiltaket vil ikkje ha vesentleg negativ påverknad på dei registrerte verdiane. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i sjøområda, eller naturressursar på land. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet ligg tett på ferjekaien i Buavåg, og det er såleis vegtilkomst i nærleiken. Det er truleg ikkje behov for mykje infrastruktur knytt til etablering av molo i området. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er allereie etablert kai, naust og småbåtanlegg i området. Etablering av molo vil vera positivt for nærmiljøet med omsyn til skjerming for småbåtar og hus/naust i området. Innspelet ligg like ved Buavåg ferjekai. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Ikkje registrert | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i sjø og innanfor funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då innspelet er tilknytt eit område som er bygd ut med kaiar og naust. Det er likevel ikkje etablerte tiltak ytst på neset der moloen er tenkt plassert. | | |
| **Samfunnsnytte og bere-kraft** | Det vil vera samfunnsnyttig å etablere ein molo som skjermar vågen mot vind og dragsug frå ferjene. Det er fleire tiltak i nærområdet, og området er omfatta av reguleringsplan som utbyggingsføremål. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **X** |
| Det er ingen kjende vesentlege negative konsekvensar ved innspelet, og det vil vera eit samfunnsnyttig tiltak å skjerma vågen for sjø og bølgjer. | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding** | | | | | | | | |

# 10 VEG

## 21.6247 Veg gbnr. 83/1, 2 og 7

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Bustad | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Veg | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 5,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet er forslag om betre vegsamband mellom Vågavegen og Ålfjord-vegen, då eksisterande veg består av krapp sving, bratt terreng og smale trasear. Føreslått ny trasé er plassert lenger nord enn eksisterande, lagt til rette for å følgje terrenget og passerer frå Ålfjordvegen forbi to bustadar og møter Vågavegen i krysset til Urhaugtunet. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturmangfald<br>Karbonrike areal<br>Kulturminne<br>Landskap |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Skog med svært høg bonitet, innmarksbeite og fulldyrka mark.<br>Naturtypar: ingen registreringar<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjo-nar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområ-det Sørevågen-Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsu-ndlandskap. Landskapet er småkupert, spreidd busetnad like i nærleiken og bustadfelt lenger nord for innspelet.<br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Området rundt er allereie bygd, med både bustadfelt i nord og meir spreidd bu-setnad i nærleiken av innspe-let. Ei utbygging av ny veg-trasé vil medføre terreng-inngrep i urørt areal, og så-leis gi negative landskaps-verknader. Innspelet og trafikken som følgjer innspe-let vil kunne medføre endr-ingar i utsikt for bustadane | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | på Urhaugtunet. Både nær-verknaden og fjernverk-naden er såleis vurdert til å vera relativt stor. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er registreringar av kulturminne eller kulturmiljø innanfor ein del av innspelet; ein steinalderlokalitet for busetnad med vernetype automatisk freda. Innspelet svingar gjennom lokaliteten. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i området. | Plassering av vegtrasé som berører kulturminne-lokaliteten vil ha negative konsekvensar for kulturminnet. | -2 |
| **Naturressursar** | Det er registrert 0,9 daa fulldyrka jord og 4,6 daa innmarksbeite. | Tiltaket vil medføre nedbygg-ing av skog av svært høg bonitet, samt eit mindre areal fulldyrka mark og noko innmarksbeite | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet kryssar eksisterande veg, og koplar seg til Ålfjordvegen og Vågavegen. Det er elles ikkje eksisterande teknisk infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet handlar om betring av infrastrukturen på Våga, som vil gjera området meir trafikksikkert, betre tilkomst for personar i området rundt og for personar som oppheld seg i området. Våga er definert som eit nærsenter i kommunen. | | +2 |
| **Karbonrike areal** | 0,9 daa fulldyrka jord og 4,6 daa innmarksbeite, som er definerte som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Betre infrastruktur vil ha store positive effektar på næringslivet i nærom-rådet, samt til områder der vegstrekninga blir nytta for å koma til. I til-legg kan betre vegtilkomst leggja til rette for at området, samt områder i nærleiken blir meir attraktivt for næringsverksemder og besøkjande. | | +2 |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og bere-kraft** | Innspelet bidrar til å endra traséen lengre mot nord, og dermed forsvinn nesten all trafikk langs den bratte, svingete, smale og farlege fv. 4982. Trafikken på om lag 470 ÅDT flytter seg. Prosjektet vil endra mykje i området og trafikktryggleiken kan betrast monaleg. Samfunnsnytten vil såleis vera relativt stor. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er registrert aktsemdområde for flaum innanfor delar av innspelet ved Ålfjordvegen. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet vil betre trafikktryggleiken i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er registrert gul støysone frå Vågavegen og Ålfjordvegen, samt at innspelet vil medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 4,5 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 0 | -2 | -2 | -1 | -1 | +2 | -1 | +2 |

Området rundt innspelet er i stor grad bygd ut, men det ikkje er tiltak innanfor innspelet, anna enn at det kryssar eksisterande veg til nærliggjande bustadar. Ny vegtrasé frå Ålfjordvegen til Vågavegen vil vera svært positivt for trafikksikringa i området, og bidra med store endringar for nærområdet.

Betre vegtrasé kan ha ringverknadar for attraktiviteten i området, både for busetjing, fritidsbusetnad, turisme og anna trafikk som går gjennom eller til området. Traséen er plassert sånn at delar av føreslått trasé går innom automatisk freda kulturminnelokalitet, noko som vil ha negative konsekvensar for kulturminnet. Det er difor ikkje å tilrå konkret denne plasseringa av ny trasé, men behovet for ny vegkopling mellom Ålfjordvegen og Vågavegen er det behov for, difor er det å tilrå at det i staden blir lagt inn eit føresegnsområde i plankartet, som viser til framtidig reguleringsplan for ny vegtrasé i dette området. Korleis traséen blir plassert må difor vurderast særskilt i reguleringsplanen i samråd med fylkeskommunen.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, støy

**Fagleg tilråding innspel: Justert positiv tilråding. Det er behov for betre vegtrasé i området, men kor traseen skal gå må arbeidast med i eigen reguleringsplan i samråd med fylkeskommunen. Føresegnområde for framtidig reguleringsplan for vegtrasé bør inkluderast i kommuneplanen.**

# 11.KOMBINERT FØREMÅL

## 15.7703_1 og _2 Næringsbygningar og bustader, gbnr. /

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF-spreidd busetnad<br>LNF<br>Næringsverksemd<br>Omsynssone landbruk (H510_1) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>15.7703_1 (1): Kombinert føre-mål næring og bustad<br>15.7703_2 (2): Kombinert føre-mål næring og bustad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 15.7703_1 (1): 481,5 daa<br>15.7703_2 (2): 91,5 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg like nord for Sveio sentrum. Nordskogsvatnet ligg nord for området, og Åsevatnet ligg i sør. Det er landbruksnæring i området, som består av spreidd bygd areal. Det er etablert lagerbygg i vest. Innspelet går ut på å leggja til rette for moglegheitar for bustad tilknytt arbeidsplassar i landbruket. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Naturmangfald<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet<br>Strandsone mot vassdrag. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: fulldyrka mark, over-flatedyrka og innmarksbeite. Skog med høg bonitet, myr<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Kjerneområde for landbruk.<br>Vilt/funksjonsområde: Nordskogvatnet nord for innspelet<br>Artar: Vipe, dvergdykkar, lappfiskand, ål, stær, gjøk, sandsvale, taksvale, fiskemåke, sivspurv, gulspurv og havelle. | Tiltaka vil medføre arealbe-slag, og nedbygging av eit område som har funksjonar for naturmangfald lokalt. Nordskogvatnet ligg nord for innspelsområde som er registrert som svært viktig viltområde og naturområde grunna einaste kjende førekomsten av smalt dunkjevle i kommunen. Det er også fleire artar registrert i området. | -3 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br>Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet mot vassdrag, både | Utbyggingsføremål vil medverke til privatisering av strandsona kring fleire vassdrag, noko som vil vere negativt med omsyn til friluftsliv. . | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | til Maritjørna i nord, Åsevatnet i sør og Nordskogvatnet i vest. | | |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Middagshauggen(NiN), som er beskrive som småkupert blandingsskog i liene, lynghei i veksling med myrområder og små vatn. Småskala jordbruksmark. Innspelet ligg innanfor landskaps-type Kystheiene, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Innspel 1 er eit større natur område som er i hovudsak utan tiltak i dag.<br>Føremålsendringa vil medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap, i eit relativt ope jordbruks- og heilandskap.<br>Det er allereie eit etablert bustad- og landbruksområde innanfor innspel 2.<br>Fortetting i stor grad vil ha negative konsekvensar for landskapet. Mindre tett utbygging vil derimot kunne tilpassast landskapet sitt særpreg slik det er i dag. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: Det er registrert 54,6 daa full-dyrka jord, 19,7 daa overflatedyrka jord og 54,5 daa innmarksbeite, samt 239,4 daa skog av høg bonitet og 14 daa av middels bonitet.<br>2: Det er registrert 25 daa fulldyrka jord, 4,2 daa overflatedyrka jord og 20 daa inn-marksbeite, samt 9,8 daa skog av høg bonitet. | Ei utbygging medføre tap av betydelege areal med dyrka mark og skogressursar. | 1: -3<br>2: -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er lagt til rette for teknisk infrastruktur med OVA, vegtilkomst og straum. Det er ikkje fortau langs vegen eller trygg tilkomst til samfunnsfunksjonar. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelsområdet ligg nært Sveio sentrum og langs hovudferdsleåra fv. 47 som har tilrettelagt gong- og sykkelveg. Det er fleire bustadar i området innanfor spreidd busetnad-føremålet. Sveio sentrum er 2,5 km unna, og deler av innspela vil såleis medføre behov for skuleskyss for 1. klasse. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 1: 54,6 daa fulldyrka jord, 19,7 daa overflatedyrka jord og 54,5 daa innmarksbeite, samt 239,4 daa skog av høg bonitet og 14 daa av middels bonitet, og 49,8 daa myr, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 25 daa fulldyrka jord, 4,2 daa overflatedyrka jord og 20 daa inn-marksbeite, samt 9,8 daa skog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 1: -3<br>2: -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Kombinert føremål med bustad og næring kan medføre positive verknadar for sysselsettinga og næringslivet i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Deler av innspela ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er kombinert føremål bustad og næring. I samsvar med vassressurslova § 11 skal det sikrast eit naturleg | | |

| | |
|---|---|
| | vegetasjonsbelte langs vassdrag som motverkar avrenning, og er levestad for plantar og dyr.<br>Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Maritjørna, Nordskogvatnet og Åsevatnet er ikkje registrert i Vann-nett, men dei heng saman med Vigdarvatnet bekkefelt, som er registrert med moderat miljøtilstand. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløps-løysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelsområdet er tett på Sveio sentrum, og kan difor ha ei ringverknad på næringsaktiviteten der. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område til utbyggingsføremål |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Ingen g/s-veg på intern veg eller fylkesveg. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone tilknytt fv. 47. Det er ingen andre kjende støykjelder i nær-leiken av innspela. Innspelet vil nok ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Høgspentleidning går innanfor innspelet. Den følgjer sørleg grense, samt at det går over mot nord i vestre del av innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 1 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-3** | **-1** | **1: -2**<br>**2: -1** | **0** | **1: -3**<br>**2: -2** | **-1** | **+1** | **1: -3**<br>**2: -2** | **+1** |
| Tiltaket ligg i nærleiken av Nordskogvatnet som er registrert som svært viktig viltområde og naturområde grunna einaste kjende førekomsten av smalt dunkjevle i kommunen. Det er også fleire artar registrert i området, og områda består i stor grad av myrområde. Tiltaket vil difor kunne ha store negative konsekvensar for | | | | | | | | |

| | |
|---|---|
| naturmangfaldet i området. Det er også registrert mykje dyrka mark innanfor innspela, og området er i stor grad overlappande med omsynssone landbruk i gjeldande kommuneplan. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.<br>ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspent |
| **Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding** |

## 23.7327_5 Næringsbygningar og bustader, gbnr. 50/3

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Næring<br>Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570_30) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Kombinert føremål næring og bustad | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Om lag 86 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg innanfor gjeldande KPA sitt næringsføremål på Tjernagel, langs Sendarvegen. Innanfor innspelet er det eit bygg med bustadbrakker, samt at det er landbruksrelaterte bygningar i sør og vest og kontorbygg i nord for innspelet. Ein mindre del av innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Trafikksikring<br>Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog av høg bonitet, impediment skog.<br>Naturtypar: Ikkje registrert.<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert på land eller i sjø. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Sørvestleg del av innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. | Delar av arealet til innspelet er innanfor funksjonell strandsone, og innspelet kan medføre privatisering av strandsona i området | -1 |
| **Landskap** | Innspelet ligg i innanfor landskapsområda Bømlafjorden og Storavatnet, som har landskapstypane breie fjordlaup og opne fjordmunningar (Bømlafjorden), og vågsvatn (Storavatnet), men landskapsverdi | Tiltak i området vil medføre negative konsekvensar for landskapet, Området er  mot sjø, og vil vera synleg frå sjøvegen, men det er ingen busetnad eller fritidsbusetnad som får utsikt til innspelsområdet. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Innspelsområdet er småkupert og skogkledd. Området rundt er det same, men med noko spreidd bygd.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrert SEFRAK-registrert bygninga eller kulturminne innanfor innspelet. Deler av innspelet ligg innanfor omsynssone kulturmiljø i gjeldande kommuneplan.<br>Det er registrert fleire kulturminne utanfor innspela i sør, arkeologiske minne frå tidlegare busetnad i området. | Innspelet kan ha negativ innverknad på kulturmiljø i området. | -1 |
| **Naturressursar** | 62,1 daa skog av høg bonitet. | Innspelet vil medføre ned-bygging av eit stort areal skog av høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området har tilkomst i frå Sendarvegen, og det er etablert anna infrastruktur i nærleiken som ein truleg kan kopla seg på. Det er kollektivtilbod langs fv. 6, men det er over ein km til nærmaste busstopp, og det er ikkje etablert veglys eller fortau langs fv. 6 (det er veglys langs Sendarvegen). | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er om lag 5 km til sentrum i Auklandshamn. Tilrettelegging for bustader i dette området vil såleis medføre behov for skuleskyss i 1.-10. klasse. Bustadfelt i dette området, i så lang avstand til næraste senter vil ikkje vere med på å byggje opp under senterstrukturen i kommunen. | | -2 |
| **Karbonrike areal** | 62,1 daa skog av høg bonitet, som er definert som karbonrikt areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Området har allereie næringsføremål i gjeldande plan, men avheng-ig av kva næring som blir etablert på Tjernagel. Det kan vera negativt for næringa å blande bustad inn i same området. Området eignar seg ikkje for arbeidsplassintensive næringar(td kontor) grunna lokalisering i senterstruktur. | | -1 |
| **Strandsone** | Ein del av innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er kombinert føremål for bustad og næring. SPR seier at behovet for næringsut-vikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-meters beltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Strandsone-rettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Endringa frå næringsføremål til kombinert føremål næring/bustad er såleis ikkje vurdert å vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.   | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Området er allereie sett av til næringsføremål. Endring av føremålet til kombinert næring/bustad kan vera gunstig når det gjeld lokalisering av bustader i tilknyting til næringsverksemd, men denne kombinasjonen kan også vera uheldig, avhengig av kva type næring som skal etablerast i området. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Store delar av innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell og Morenemassar. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vil difor ikkje vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, om innspelet medfører støy i seg sjølv vil vera avhengig av kva næring som kjem til å nytta området. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7,5 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **-1** | **-1** | **-2** | **-1** | **-1** | **-2** | **+1** |

Arealet har allereie arealføremål næring i gjeldande KPA. Kombinert føremål bustad og næring vil kunna vera positivt for næringsetablering då det legg til rette for busetnad i nærleik av potensielle arbeidsplassar, samt at bustadane vil ha fin utsikt og gode solforhold. På den andre sida vil næringa på Tjernagel kunne føre til støy og støv, noko som vil vera negativt for eventuelle heilårsbustadar å bu tett på.
Det er ikkje trygg veg for mjuke trafikantar langs Sendarvegen og fram til nærmaste kollektive knutepunkt, samt at det er eit godt stykke til viktige samfunnsfunksjonar. Bustader i dette området vil ikkje vere med på å byggje opp under senterstrukturen i kommunen. KPA bør oppretthalde næringsføremålet.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding: Negativ tilråding**

## 23.13330_1 Utfylling i sjø, 23.13330_2 Kombinert føremål, gbnr. 52/83

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>23.13330_1: Friluftsområde i sjø<br>23.13330_2: LNF-spreidd bustad</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>23.13330_1 (1): Til utviding av kombinert føremål på land<br>23.13330_2 (2): Kombinert føremål naust/næring/idrettsanlegg/parkerin g</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>23.13330_1 (1): 3,3 daa<br>23.13330_2 (2): 2,6 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspela ligg inst i Buavågen ved Bua Ferjekai. Området er i dag sett til LNF-spreidd busetnad i gjeldande KPA, men blir nytta til parkering i samband med ferjekaien, og eit privat småbåtanlegg sør for innspelet.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Landskap</td></tr>
</table>

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: bygd areal, sjø<br>Naturtypar: Ikkje registrert.<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert på land eller i sjø. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Innspela ligg i strandsona, og området er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med i hovudsak veldig låg hellingsgrad ( 1-2 grader). | Bygging tilknytt kombinert føremål for naust, samlingslokale og næring i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | -1 |
| **Landskap** | Innspela ligg i innanfor landskapsområde Bømlafjorden, som har landskapstypen breide fjordlaup og opne fjordmunningar. Landskapstypen er skildra som ope breidt fjordlaup med omfattande båttrafikk, jordbrukslandskap | Utbygging av kombinerte føremål i dette området vil medføre utfylling i sjø, noko som vil ha negative konsekvensar for landskapet. Då det allereie er gjort tiltak i området tilknytt ferjekaien, idrettsområde, | 1: -2<br>2: 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | med noko bustadbygging i Sveio, meir preg av lyngheilandskap og knauser som avgrensar mot Langevåg på Bømlo, ferjesamband, med landskapsverdi 2 – vanlig føre-komande i lokal samanheng.<br><br>Innspelsområdet er eit allereie bygd område, med parkering til-knytt ferjesambandet, småbåt-anlegg og eit naust. Området rundt er spreidd utbygd.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | og småbåtanlegg så vil ikkje føremålsendringa ha store fjernverknadar på området. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert SEFRAK-registrert bygningar, kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela. Det er registrert kulturmiljø utanfor innspela i aust og sør, dette gjeld sjøbruksmiljø (H570_60B) og to gardstun (H570_40A) | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Ingen registreringar. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Området har tilkomst i frå fv. 541, og det er etablert anna infra-struktur i nærleiken. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944, det er etablert veglys ned mot ferjekaien, men ikkje langs vegen før kryss ned mot ferja, det er heller ikkje etablert fortau (anna enn liten del av området ved parkeringsplass). | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Tiltaket kan bidra til nye næringsmoglegheiter, aktivitetar og samlingsplassar for bebuarar i nærmiljøet, noko som vil vera positivt for stadutviklinga. Området rundt er allereie bygd med småbåthamn, idrettsanlegg og ferjesamband, utvida mogleg-heiter for eit området det allereie er aktivitet på vil vera positivt for nærmiljøet. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | Ingen registreringar. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Kombinert føremål for naust, klubbhus, forsamlingslokale, park-ering og næring vil kunna vera positivt for næringsmoglegheiter i området, men vil nok ikkje i stor grad auka sysselsetting. Det vil likevel vera positivt for turistar og nærliggjande butikkar o.l. med auka aktivitet og besøk av området. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funks-jonell strandsone. Ønska arealbruk er kombinert føremål. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, leggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Vidare at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Innspelet er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet kan innebere samfunnsnyttige funksjonar, litt avhengig av kva som vert etablert i området. Når det gjeld berekraft er det positivt å ta i bruk område som allereie er planert til utbyggingsføremål, framfor urørte område. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell og Morene-massar. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. Det er synt gul støysone langs fv. 541 | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-1** | **1: -2**<br>**2: 0** | **0** | **0** | **-1** | **+1** | **0** | **+1** |

Innspel 1 vil medføra utfylling i sjø, som vil vera store terrenginngrep i strandsona. Utfyllinga vil stengje for tilkomst til eksisterande småbåthamn, noko som medfører at båttrafikken må ta omveg for å koma ut på sjøen. Innspelet vert på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.
Innspel 2 har føremål LNF spreidd bustad i dag, men består i hovudsak av planert kaiområde i tilknyting til ferjekaien, og vert i stor grad nytta til parkering for ferjekaien og tilgrensande småbåtanlegg. Det er allereie etablerte tiltak i innspelsområda, som grensar til fv. 541 og andre etablerte tiltak på ferjekaien. Arealet ligg innan-for byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og vassdrag, samt funksjonell strandsone. Området er allereie asfaltert og i bruk, og arealet bør regulerast, for å sikre at ein tar omsyn til eksisterande bruk, i tillegg til ønska utvikling av området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1: Negativ tilråding**

**Fagleg tilråding innspel 2: Positiv tilråding med plankrav**

## 23.7327_2 Hamneområde i sjø og næringsbygningar, gbnr. 123/1

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF<br>Friluftsområde (i sjø) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>Næring på land og hamn i sjø | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 51,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg ved sjøen på Skoganeset, mellom Kvernavika og Sandvollvika, ut mot Ålfjorden. Området er urørt, skogkledd og bratt, og det er ingen infrastruktur i området. Heile innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagt i området. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>ROS<br>Teknisk infrastruktur |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg og særs høg bonitet, impediment skog, sjø.<br>Naturtypar: Ikkje registrert.<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspela ligg i strandsona, og området er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med lav hellingsgrad ( 1-4 grader). | Bygging tilknytt hamn og næringsbygningar i området vil medføre arealbeslag og auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag. | -2 |
| **Landskap** | Innspela ligg i innanfor landskapsområde Ålfjorden, som har landskapstypen middels breie fjordlaup. Landskapstypen er beskrive som ein langsmal fjord med lavt relieff på | Arealet er urørt i strandsona, og eventuelle tiltak vil medføre store endringar i landskapsutrykket frå land og sjø. Det er ikkje tiltak, | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | sidelandskapet i indre delar, jord-bruksgrender med beite og slåtte-mark i veksling med lauvskogslier og opne knauser utan vegtilkomst, med landskapsverdi 3 – middels verdi.<br>Innspelsområdet er kupert og skog-kledd, det er ingen tiltak i området, og ingen infrastruktur/vegtilkomst.<br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | bustadar eller fritidsbustadar i nærleiken som vil bli råka av tiltaket, med unntak av eit gardsbruk i Buavika som kan få konsekvensar for utsikta til innspelsområdet. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen SEFRAK-registrert byg-ningar, kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela. Det er ikkje registrert kulturmiljø utanfor innspelet som kan bli råka av tiltaket. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 8,3 daa skog av særs høg bonitet, 4,5 daa skog av høg bonitet. Innspelet overlappar dels med registrert aktivt fiskeplass i sjø. Feltet er brukt av 20 fartøy, er mykje brukt og rekna som eit viktig område for lysfiske i Ålfjorden. Det er registrert låssettingsplassar like sør for og like nord for innspelet. | Innspelet vil medføre ned-bygging av skogsareal med særs høg og høg bonitet. Innspelet vil kunne ha negative konsekvensar for registrert fiskeplass. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ingen infrastruktur i området, og det er over 1 km til næraste etablerte veg. Området ligg usentralt, og det er om lag 7-8 km avstand til E-39. | | -3 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er ingen tiltak i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg om lag 13 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 12,8 daa skog av særs høg og høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Innspelet kan bidra til nye næringsmoglegheiter i Sveio kommune, med tilknyting til aktivitet på andre sida av fjorden, samt til akvakul-turen i fjorden. Ev. etablering av hamn og næringsbygningar vil kunna vera positivt for sysselsetting. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Vidare at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Innspelet er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, med unntak at det ikkje er lokalisert tilknytt anna busetnad og tiltak. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Næringsområde og hamn er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| ROS-analyse | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg innanfor aktsemdområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell og Morene-massar. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen vegtilkomst eller anna infrastruktur til området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, støy frå innspelet i seg sjølv er avhengig av kva næringsaktivitet som blir lagt til området | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 8 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 0 | -2 | -3 | 0 | -1 | +1 |

Det vil vera samfunnsnyttig for Sveio kommune med å til næringsområde til sjø, samt vurdera område for landbasert havbruksnæring. Området er stort og ligg til sjø, noko som kan gi moglegheit for sjøretta næring og knytast til næringar mot sjø på andre sida av fjorden.

Det er ingen tiltak frå før i området, området er såleis urørt. Området er skogkledd med skog av høg og særs høg bonitet. Det er bratt terreng ned mot sjø, og området er difor innanfor aktsemdsområde for skred. Det er ingen infrastruktur til området, og det einaste tiltaket i nærleiken er eit gardsmiljø i Buvika som er registrert i kulturminneplanen.

Eventuelle tiltak vil krevje store terrenginngrep i landskapet både innanfor innspelet, samt utanfor for å få tilgjenge og vegtilkomst. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.
Positiv tilråding av slike område skal grunnast i behovsvurdering.
Området kan såleis tilrådast positivt dersom det er behov for eit næringsareal i dette området.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding: Positiv ved behov**

# 12. FLEIRE FØREMÅL

## 19.14487_1 Næringsbygningar og 19.14487_2 Hamn, gbnr. 82/8

<table>
<tr><th colspan="2">Skildring av arealendringa:</th></tr>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>Fritidsbustadar (land)<br>Friluftsområde (sjø)</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk:<br>19.14487_1 (1): Næringsbygni-ngar (sjøretta næring)<br>19.14487_2 (2): Hamn</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>19.14487_1 (1): 1,9 daa<br>19.14487_2 (2): 3,5 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Området i Søre Vågeneset er etablert med naust og brygger/kaianlegg. Terrenget er ope og flatt i innspelsområdet, med kupert terreng rundt. Området er allereie teke i bruk til næringsverksemd over fleire tiår, i form av sjøretta næring, entreprenørverksemd og fiskeri.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Naturmangfald<br>Landskap</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Ingen registreringar.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen registreringar<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaket vil medføre ytterlegare arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Potensielt tilgjengeleg strandsone: innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone, men det er ikkje registrert potensielt tilgjengeleg strandsone. | Ei føremålsendring i tråd med faktisk bruk av området vil ikkje medføre endringar i konsekvens. | 0 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av skjerma indre slakt til småkupert kystslettelandskap med bebygde områder (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med landskapsverdi 3 – vanlig | Tiltaket vil medføre ytterlegare arealbeslag enn gjeldande areal-føremål hadde på landskapet, både på land og i sjø. Utfylling i sjø vil ha negative verknadar for landskapet. Det vil ha nær- og | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er flatt og ope. Området rundt er kupert med spreidd busetnad/bygging.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | fjernverknad med utvida næringsverksemd. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Fiskeplassar - Makrell | Innspelsområdet er registrert som fiskeplassar for makrellfiske (tilknytt næringa frå innspelet) | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Innspelet har etablert vegtilkomst, veglys og annan infrastruktur til området. Det er kollektivtilbod langs fv 4944, men ikkje fortau. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet omfattar ei allereie utbygd næringsverksemd i området med arealføremål fritidsbustad. Arealendringa kan medføra meir aktivitet i området, og auka trafikk på land og i sjøen. Nærmiljøet rundt er i stor grad fritidsbustadar. Auka aktivitet for næring kan verka negativt på området sine kvalitetar for fritidsbustadføremålet. Innspelet ligg om lag 10 km frå Sveio sentrum. | | -1 |
| **Karbonrike areal** | Ingen registreringar. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Området er sjønært og bygger opp under næringa som er etablert der. Innspelet kan få positive verknadar for sysselsetting i kommunen. | | +2 |
| **Strandsone** | Innspelsområdet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren legg fram at ved lokalisering av næringsområde som treng liggje til sjø, bør det vektleggjast om næringsverksemda bidreg til auka lokal verdiskaping. SPR seier at visse tiltak nær sjøen kan vere grunnlag for å bli tillate, som brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til anna bygningsmasse. Arealendringa er i tråd med regional kystsoneplan for Sunhordland og ytre Hardanger sitt delmål om sjøtransport og maritim næring (kap.5.1). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Det er positivt å leggja til rette med næringsføremål i strandsona for etablert sjøtilknytt næringsverksemd. Når det gjeld berekraft er det også positivt at auka næringsverksemd skjer der det allereie er etablert sjøretta næring, for å hindre å bygge ned urørte områder i strandsona. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Delar av innspelet ligg innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum frå bekk frå Kvernatjørna. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau langs vegen, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. Det er lys langs vegen frå fv. 4944 til innspelsområdet. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, men innspelet kan medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 0 | -1 | 0 | 0 | 0 | -1 | 0 | +2 |

Landområdet er i stor grad utnytta allereie, til sjøretta næring. Det er registrert ein fiskeplass for makrellfiske i Søre Vågen, som er del av den sjøretta næringa til tiltakshavar. Ev. utfyllingar i sjø vil påverke landskapet i området. Arealet er i gjeldande KPA sett av til fritidsbustadar, og nærmiljøet er i hovudsak fritidsbusetnad. Det kan vera interessekonfliktar mellom næringsområde og fritidsbustader. Området er allereie i bruk til sjøretta næringsverksemd, og føremålsendringa vil såleis verte tilpassa gjeldande arealbruk.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy.

**Fagleg tilråding innspel 19.14487_1 (1) og 19.14487_2 (2): Positiv tilråding**

## 16.13028_1 Fritids- og turistføremål, gbnr. 80/11 og 16.13028_2 Andre typar bygningar og anlegg (naust)

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF og Kombinert føremål (bustad og fritidsbustad) på land, og Friluftsområde i sjø<br>**Planlagt arealbruk:**<br>16.13028_1 (1): Fritids- og turistformål<br>16.13028_2 (2): Andre typar bygningar og anlegg (naust og småbåtanlegg). Innspelet peikar på at det er sett av 15 meter ut i sjø for ev. bølgjedempar | **Arealendring**<br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 16.13028_1 (1): 62,4 daa<br>16.13028_2 (2): 1,4 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg inst i Ålfjorden, i nærleiken av Fjon. Deler av innspelsområde 1, og heile område 2, ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og vassdrag, samt funksjonell strandsone. Det er ingen tiltak i området i dag, men det ligg eit naust og ein molo like sørvest for innspelet, og fleire fritidsbygg og naust i strandsona innover mot Rasmusvika. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Skog med høg-særs høg bonitet, impediment og myr.<br>Naturtypar: Ikkje registrert.<br>Naturvern: Ikkje registrert.<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert på land. Det ligg eit gyteområde like utanfor innspelsgrensa; Ålfjordbotn, som er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for kysttorsk.<br>Artar: Gråmåke (VU) er registrert på heile Kvalvågneset. | Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen registrerte.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen registrerte.<br><br>Innspela ligg i strandsona, og området er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, med i hovudsak veldig stor hellingsgrad ( > 25 grader). | Bygging tilknytt fritids- og turistformål og naust i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag, sjølv om det er bratt terreng i området. | -2 |
| **Landskap** | Innspela ligg i all hovudsak innanfor Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt. | Utbygging i dette området vil medføre negative landskapsverknader i strandsona i området, då det er bratt terreng innanfor innspelet. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelsområdet fell bratt ned i frå kote +47 ned til sjø i aust. I bakkant ligg det eit myrpart. Området rundt er spreidd utbygd.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Avbøtande tiltak vil vera å avgrense utbygginga til bakkant av høgdedraget, mot vest. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registrert SEFRAK-registrert bygningar, kulturminne eller kulturmiljø innanfor, eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 26,7 daa skog med særs høg bonitet og 20,1 daa skog med høg bonitet<br>2: 0,1 daa skog med særs høg bonitet og 0,5 daa skog med høg bonitet.<br>I sjø overlappar innspelet med fiskeplassar for aktive og passive reiskap. | Utbygging med naust vil medføre tap av skog med høg og særs høg bonitet. Tiltak i sjø kan påverke bruken av fiskeplassane, sjølv om innspelet utgjer ein liten del av dei registrerte områda. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | 1: Området har tilkomst i frå fv. 4944, og det er etablert anna infrastruktur i nærleiken. Det er kollektivtilbod langs fv. 4944, men ikkje veglys eller fortau.<br>2: Det er ikkje veg fram til innspelet, og det kan vera utfordrande å få til ein god tilkomstveg, då det er bratt i området. Det ligg naust i nærleiken av innspelet, som ein truleg kan kopla seg til med omsyn til infrastruktur. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet ligg om lag 10 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 1: 26,7 daa skog med særs høg bonitet, 20,1 daa skog med høg bonitet og 9,8 daa myr, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 0,1 daa skog med særs høg bonitet og 0,5 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 1: -3<br>2: 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1: Fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen.<br>2: Ikkje relevant | | 1: +1<br>2: X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg dels innanfor funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritid- og turisme. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon. Utleigehytter er til dømes ikkje tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone, men mindre privatiserande tiltak tilknytt fritid- og turismeføremålet kan vurderast innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er såleis vurdert til å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br>2: Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis vurdert til å ikkje vera i tråd med strandsonerettleiaren. Innspelet<br> | | |

| | |
|---|---|
| | grensar til strandsone som er bygd ut, men det er ingen tiltak innanfor innspelet. |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg innanfor aktsemdområde for skred (snøskred og steinsprang). | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell og Morene-massar. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor eller i nærleiken av registrert forureina grunn. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. Det er synt gul støysone langs fv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **1:-2** | **-2** | **-2** | **0** | **1: -2** | **-1** | **0** | **1: -3** | **1: +1** |
| **2: -1** | | | | **2: -1** | | | **2: 0** | **2: X** |

Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområda, som grensar til fv. og andre etablerte tiltak. Deler av arealet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og vassdrag, samt funksjonell strandsone. Innspelet er vurdert til å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.

Terrenget er bratt i området, ned mot sjøen, og deler av innspelet ligg innanfor aktsemdområde for skred. Dei delane av innspelet som er mindre bratt er i stor grad myrområde.

På bakgrunn av mellom anna naudsynte terrenginngrep, strandsoneverdiar og nedbygging av større areal med myr, kan ein ikkje tilrå innspela.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (16.13028_1) og 2 (16.13028_2): Negativ tilråding**

## 17.367_1 Småbåthamn og _4 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 83/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Naust<br>Småbåthamn<br>Friluftsområde (i sjø) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>17.367_4 (1 ): Småbåthamn (på land)<br>17.367_1 (2 ): Småbåthamn | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1,6 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg i Mekjelandsvika inst i Storevågen. Området er eit etablert naustområde med tilhøyrande småbåtanlegg. Området har arealføremål friluftsliv i sjø og småbåthamn/anlegg. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Naturmangfald |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Minimal del (0,004 daa) lauvskog av særs høg bonitet på land, sjø<br>Naturtypar: blautbotnsområde i strand-sona<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ikkje registrert | Tiltaket vil medføre areal-beslag i sjø, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strand-sona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.<br><br>Det er registrert naturtypen blautbotnsområde i store delar av innspelet. Dette er beskrive som grunn mudder-bukt, som er strandflater med bløtt mudder i beskytt-ede området. Området har verdi B - viktig verdi. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. | Etablering av småbåthamn i sjøområdet vil medføre auka arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag (innspelet peikar på at småbåthamna og tilhøyrande naustareal er tenkt for potensielt nytt bustadfelt på 83/4). | -1 |
| **Landskap** | Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Sørevågen-Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap.<br><br>Innspelet er i sjø, som er relativt grunn. Landskapet på land er småkupert, med spreidd busetnad, gardsbruk, og innslag av naust i nærområdet. Det er relativt bratt i strandsona ned mot sjø. Det er grunt vatn grunna naturtypen blautbotnområde.<br><br>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D | Området rundt på land er allereie i stor grad utbygd med naust. Ei utbygging av småbåthamn vil medføre terrenginngrep i urørt strandsone, og såleis gi negative landskapsverknader, både når det gjeld sjølve tiltaket og etablering av tilkomstveg. Busetnad på motsett side av Storevågen vil ha utsikt mot innspelet, men det vil ikkje medføre store endringar i utsikt ettersom området allereie i stor grad er bygd. Både nærverknaden og fjernverknaden er såleis vurdert til å vera relativt liten. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ikkje registreringar av kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i området. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i sjøområda. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje vegtilkomst heilt fram til området i dag. Det er etablert naust langs Mækjelandsvika lenger sør, og det er truleg mogleg å kopla seg til eksisterande infrastruktur. Terrenget er bratt, noko som kan medføra at det blir behov for terrenginngrep for å leggje til rette for vegtilkomst. Elles blir tilkomst via båt. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Det er allereie etablert naust og småbåtanlegg i området. Småbåthamn vil ha ei naturleg tilknyting til naustområdet. Dersom det er snakk om ei offentleg tilgjengeleg småbåthamn vil denne kunna medføre auka tilgjenge for ålmenta, noko som kan vera positivt for nærmiljøet og stadutviklinga i Våga. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | Ikkje registrert. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) i sjø, og innanfor funksjonell strandsone. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, t.d. dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Det vil vera nyttig for Sveio kommune å etablere fleire småbåthamner i kommunen. Felles småbåthamn i området kan vera positivt for naustområdet som heilskap, samt for at båtturistar i Ålfjorden kan leggje til og besøkje Våga. Landareala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. | | |

| ROS-analyse | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er bart fjell. | | |
| Flaum | Liv og helse | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje tilkomstveg heilt fram til området i dag. Innspelet vil gi opning for småbåthamn og båtplassar. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikk-tryggleik i området. Dette må vera tema i ei ev. reguleringsplan. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet kan medføre dels auka støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor eller tett på innspelet. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -2 | -1 | -2 | 0 | 0 | -1 | +1 | 0 | X |

Området rundt innspelet er i stor grad bygd ut, men det ikkje er tiltak innanfor innspelet. Det er relativt bratt frå land mot innspelsområdet i sjø. Innspelet vil krevje terrenginngrep i sjø, og området i vika er grunt blautbotn-område, noko som vil vera utfordrande for båtar som skal inn i området og leggje til kai ved lågvatn. Småbåthamn vil difor ikkje vera gunstig i dette området. Innspelet er også i konflikt med naturtypen blautbotnsområde, som er registrert med verdi Viktig i området. Innspelet vert såleis ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

**Fagleg tilråding innspel 17.367_1 og 17.367_4: Negativ tilråding**

## 17.17396, 21.1526_7 og 23.3661_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 83/47 m.fl., og 21.1526_8 Kombinert føremål i sjø

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF og naust på land, småbåt-hamn i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>17.17396 (1): Fritidsbusetnad<br>23.3661_1 (2): Fritidsbusetnad<br>21.1526_7 (3): Fritidsbusetnad<br>21.1526_8 (4): Kombinert føremål i sjø; forlenging av eks. brygge frå 20 til 30 meter | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 1: 2,6 daa<br>2: 3,3 daa<br>3: 0,1 daa<br>4: 0,05 daa |
| **Skildring av området** | 1-2: Innspela ligg ved Våga, nærare bestemt på Holmen, inst i Vågavågen. Innspel 1 består av ein fritidsbustad med naust og uthus. Innanfor innspel 2 er det ingen tiltak. Det er totalt etablert tre fritidsbustader og éin einebustad på Holmen.<br>3-4: Innspela ligg i etablert naust- og småbåtanlegg-rekke i Litlevågen. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna behovsvurdering for fritidsbustader i området |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: Bebygd, open fastmark, lauvskog av særs høg bonitet.<br>Naturtypar: Sjøområda kring innspela er registrert med naturtypen bløtbunnsområder i strandsonen. Området er registrert med verdi Viktig.<br>Naturvern: Ingen registreringar<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Det er registrert pusleblom (EN) og solblom (EN) på Holmen, men ikkje innanfor innspela 1-2. Fugleartane storskarv (NT), grønfink (VU) og makrellterne (EN) er registrert i nærleiken av innspela. | 1-2: Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>3-4: Innspelsområda er allereie bygd ut, og ei endring i arealføremål vil få avgrensa verknadar for naturmangfald. | 1: -1<br>2: -1<br>3: 0<br>4: 0 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet til sjø og funksjonell strandsone.<br>Strandsona i området er i all | Endring av føremål og opning for etablering av fleire fritidsbustader i området vil medføre auka privatisering av strandsona i området. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna nærliggande fritidsbustader og naust. | | |
| **Landskap** | Innspela ligg innanfor landskaps-området Sørevågen – Storevågen, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap.<br>1-2: Terrenget er relativt kupert i området, det ligg ein kolle innanfor innspel 2, der det høgste punktet ligg på 17 m.o.h. Det ligg ei strand like vest for og dels innanfor innspel 2.<br>Strandsona i området er dels bygd ut med fritidsbustader og naust, men det er ingen etablerte tiltak innanfor innspel 2.<br>3-4: Terrenget er planert og bygd ut i frå før.<br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | 1-2: Utbygging i området vil medføre terrenginngrep i strandsona, og dette vil ha ves-entlege negative konsekvensar for landskap. Det vil vera meir negative landskapskonsekvensar ved utbygging innanfor innspel 2 enn innanfor innspel 1.<br>3-4: Innspela er allereie planert og bygd ut med naust. Ei endring i frå arealføremålet naust til fritidsbustader vil medføre mindre endringar i landskaps-uttrykk. Etablert flytebrygge er ønska utvida med ti meter innanfor føremålet. | 1: -1<br>2: -2<br>3: 0<br>4: 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur tilknytt eksisterande spreidd utbygg-ing, anna enn vegtilkomst. Det er ikkje etablert fortau og veglys, eller kollektivtilbod langs kommunal veg. | | -2 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei utviding av eksisterande spreidd bustadområde/fri-tidsbusetnad. Området ligg om lag 6 km unna Sveio sentrum, med mat-butikk, skule og nærmiljøanlegg, og om lag 2 km frå Buavåg, som er definert som eit nærsenter i kommunen. Det vil såleis vera behov for skuleskyss for 1.-10. klasse for bustadområdet. | | 1:-1<br>2: 0 |
| **Karbonrike areal** | Mindre areal skog med middels bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er bustad og fritidsbusetnad. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstilstanden i Storavatnet god. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennom-fører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepa-rtementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit område spreidd busetnad/fritidsbusetnad, der infrastruktur ikkje er etablert.<br>Området ligg relativt lite sentralt plassert som bustadområde, og det vil vera behov for skuleskyss. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Innspela er dels urørte område, og ei vidare utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspela ligg i all hovudsak under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 1: Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 2: Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, både langs Storavatnet og Torjulsbekken. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs vege, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det går høgspentleidning innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | 1: -1<br>2: -2 | 0 | 0 | -2 | 1: -1<br>2: 0 | 0 | X |

Storparten av innspelsområda ligg innanfor byggjeforbodssona langs vassdrag (100-metersbeltet). Området ligg ved Kinnasanden, og er i all hovudsak urørt, med unnatak av to fritidsbustader og eit bustadhus. Det er etablert fleire spreidde bustader og fritidsbustader, samt infrastruktur, i området rundt. Innspela ligg om lag 6 km unna Sveio sentrum, og om lag 2 km frå Buavåg. Området ligg relativt lite sentralt plassert med omsyn til bruk som bustadområde, og det vil vera behov for skuleskyss. Innspel 1 kan tilrådast som LNF spreidd bustad. Innspel 2 kan tilrådast som LNF spreidd fritidsbustad, ved behov.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, stråling frå høgspent

**Fagleg tilråding innspel 1 (19.9430_2): Positiv tilråding til LNF spreidd bustad**

**Fagleg tilråding innspel 2 (19.9430_1): Positiv tilråding til LNF spreidd fritidsbusetnad ved behov**

## 20.17950_3 og _4 Fritidsbusetnad, gbnr. 78/5 og 78/1, 20.17950_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg)

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Spreidde bustader (LNF) og LNF, Friluftsområde i vatn | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>20.17950_4 (1): Fritidsbusetnad, éi til to einingar<br>20.17950_3 (2): Fritidsbusetnad, to-tre einingar<br>20.17950_2 (3): tilhøyrande Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), endra av adm. i frå småbåthamn. 10-12 båtplassar | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 20.17950_4 (1): 2 daa<br>20.17950_3 (2): 3,4 daa<br>20.17950_2 (3): 0,7 daa |
| **Skildring av området** | Området ligg mellom Vigdarvatnet i vest og Eileråsvatnet i aust, heilt sør i kommunen. Innspelsområda er i all hovudsak urørt, med ligg tilknytt spreidde bustader og fritidsbustader, samt infrastruktur, i området rundt. Det er i frå før etablert ein fritidsbustad i område 2, samt godkjent éi fritidsbustadeining til. Det vert såleis i realiteten berre éi ekstra eining her. Området er lett kupert og består av kratt og innmarksbeite. Storparten av innspelsområda ligg innanfor byggjeforbodssona langs vassdrag (100-meters-beltet). Det er etablert eit naust ved småbåtanlegget. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone (langs vassdrag)<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområ-det |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: innmarksbeite<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg., men Eileråsvatnet er registrert som viktig (B), som hekke- og rasteområ-de for fuglar.<br>Artar: Ingen registreringar innanfor innspelsområda, men det er fleire artar tilknytt vatna i området; vipe (CR), ål (EN), grønnfink, granmeis, gulspurv, vannrikse (alle VU), stær, laks (begge NT). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen, men innspela ligg like inntil Vigdar-vatnet, som er eit svært viktig fri- | Ei utbygging med fritidsbuset-nad og småbåtanlegg vil med-føre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | luftslivsområde (særleg kvalitets-område). Området er om lag 8 daa. | ha negativ verknad for friluftsliv. | |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet er kupert og består dels av innmarksbeite. Det er gode solforhold. Området rundt er bygd med spreidde bustader og fritidsbusetnad.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Utbyggingsområda ligg eksponert i frå Vigdarvatnet og Eileråsvatnet. Det er andre inngrep (bustader og fritidsbustader) i området rundt i frå før. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. Det ligg ein jordkjellar lenger nord (H570_100B i kulturminneplanen). | Ingen særskilte konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 1,9 daa innmarksbeite<br>2: 2,6 daa innmarksbeite<br>3: Avgrensa areal innmarksbeite | Ei utbygging medføre tap av innmarksbeite. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert kommunal infrastruktur tilknytt eksisterande spreidd utbygging, anna enn vegtilkomst. Det er ikkje etablert fortau og veglys, eller kollektivtilbod langs kommunal veg. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei utviding av eksisterande spreidd fritidsbusetnad. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygging og elles urørte skogs-/myr- og landbruksområde. Eit avgrensa omfang gjer at dette ikkje vil påverke nærmiljø eller stadutvikling i særleg grad. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Mindre areal skog med middels bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritidsbusetnad og småbåtanlegg. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er miljøstilstanden i Vigardvatnet og i elva frå Eileråsvatnet moderat. I Vigdarvatnet er miljøtilstanden avhengig av pågåande tiltak. Vurderinga vår av § 12 er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i direkte nærleik. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Innspela er dels urørte område, og ei vidare utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. | | |
| **ROS-analyse** | | | |

| Naturfare | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg i all hovudsak under marin grense. Registrert lausmasetype er Morenemateriale. | | |
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 1 og 2: Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 3: Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum langs Vigdartvatnet. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs vegen, og trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det går ikkje høgspentleidning innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -1 | 0 | -1 | -2 | 0 | 0 | X |

Innspel 2 er dels utbygd, mens innspel 1 i all hovudsak er urørt, men ligg tilknytt spreidde bustader og fritidsbustader, samt infrastruktur, i området rundt. Storparten av innspelsområda ligg innanfor byggjeforbodssona langs vassdrag (100-metersbeltet). Det er etablert eit naust ved småbåtanlegget.

Det er negative konsekvensar for fleire tema, men innspela omfattar fortetting med éi-tre ekstra einingar, og verknadane vert såleis avgrensa.
Innspel 3 vil krevje terrenginngrep i sjø og småbåtanlegg i form av kaianlegg vil ikkje vera gunstig i dette området. Flytebrygger kan derimot vera eit alternativ for å ha til båtfeste, som vil krevje mindre tiltak i området. I samband med utleigehytter og turismenæring på gardsbruket vil eit småbåtanlegg av middels storleik vera positivt for reiselivsnæringa ved å knytte utleigeområdet betre til Sveio sentrum og andre området langs Vigdarvatnet via vassvegen. Innspelet kan difor tilrådast med justering om at det i føresegner blir konkretisert at det er flytebrygger som er tilpassa området.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, flaum (innspelsområde 3)

**Fagleg tilråding innspel 1 (20.17950_4) og 2 (20.17950_3): Positiv tilråding, som LNF-spreidd bustad- og fritidsbustad.**

**Fagleg tilråding innspel 3 (20.17950_2): Positiv tilråding til flytebrygger ikkje kaianlegg**

## 21.13097_1 Fritidsbusetnad, gbnr. 82/37 m.fl. og 21.13097_2 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg)

| **Gjeldande arealbruk:**<br>Naust og LNF på land,<br>Friluftsområde i sjø | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>21.13097_1 (1): Fritidsbusetnad<br>21.13097_2 (2): tilhøyrande Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), lagt til av adm. |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 21.13097_1 (1): 1,6 daa<br>21.13097_2 (2): 0,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på Kvalvågneset, ut mot Ålfjorden. Det er etablert tre naust og eit bygg innanfor innspelsområda i frå før, med tilhøyrande kai/småbåtanlegg i sjø. Like nord for innspelsområda er det etablert to fritidsbustader med tilhøyrande kai/småbåtanlegg i sjø. Området er eit spreidd utbygd landbruksområde, som ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Marslag: bygd område.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Gråmåke (VU). | Innspelet er allereie bygd ut, og ei endring i arealføremål vil få avgrensa verknadar for naturmangfald. | 0 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspela ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsone. Strandsona i området er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg på grunn av nærleik til fritidsbustader. | Slik innspelsområdet er bygd ut i dag (naust), gir det tilgjenge til sjøen. Ei endring til fritidsbustadføremål vil medføre at strandsona i området i større grad vert privatisert og utilgjengeleg for ålmenta. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Vågsvatn, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt. | Innspelsområda er allereie planert og bygd ut med naust. Ei endring i frå arealføremålet naust til fritidsbustader vil medføre mindre endringar i landskapsuttrykk. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Landskapet i området består av eit jordbrukslandskap, som skrår seg slakt ned mot sjø. Det er etablert bustader og fritidsbustader, samt næring i området rundt.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar innanfor eller i nærleik-en av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | Ingen registreringar. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande naust og fritidsbustad-er i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er ikkje etablert fortau langs privat tilkomstveg. Langs Bjør-gavegen er det ikkje etablert fortau eller kollektivtrafikk, men veglys. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande fritidsbustadområde, samt tilhøyrande småbåtanlegg. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygg-ing, naust og næring. Innspelet ligg om lag 11 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet langs sjø) og funksjonell strandsone, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strand-sonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur i direkte nærleik. Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Området ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morenemate-riale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert vegframføring med tilhøyrande løysing for mjuke trafika-ntar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 6 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **0** | **-2** | **0** | **0** | **0** | **-1** | **0** | **0** | **X** |

Innspelsområdet er bygd ut med naust med tilhøyrande kai/småbåtanlegg i sjø i dag. Like nord for innspelsområda er det etablert to fritidsbustader med tilhøyrande kai/småbåtanlegg i sjø. Området er eit spreidd utbygd landbruks-område, som ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Infrastruktur, vegsamband etc. er allereie etablert. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere område for bustader- og fritidsbu-stader i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Fritidsbustad i strandsona medfører vesentleg meir privatisering enn naust, og innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland/ SPR. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik.

**Fagleg tilråding innspel 1 (21.13097_1) og 2 (21.13097_2): Negativ tilråding**

## 21.4496_2 Fritidsbusetnad, gbnr. 42/4 m.fl., 21.4496_3 Fritidsbusetnad, gbnr. 55/43 og 44, 21.16240 Fritids- og turistformål, gbnr. 55/44 og 23.2270 LNF areal for spreidde bustader-fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. , gbnr. 55/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF, Bevaring kulturmiljø H570_23 (4), Omsyn landbruk H510_1 (1) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>21.4496_2 (1): Fritidsbusetnad<br>21.4496_3 (2): Fritidsbusetnad<br>21.16240 (3): Fritids- og turistformål (oppstillingsplass for bubil og utleigehytter)<br>23.2270 (4): LNF-spreidd (tre bustader, besøkssenter tilknytt kulturminne, seks campinghytter utan VA og éi utleigehytte, samt solceller 1.000 m$^2$) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 21.4496_2 (1): 33,8 daa<br>21.4496_3 (2): 71,7 daa<br>21.16240 (3): 24,1 daa<br>23.2270 (4): 411 daa |
| **Skildring av området** | Innspela ligg nord for Eltravågen.<br>1: Det er etablert fem fritidsbustader i innspelsområdet i frå før, som ligg i skjeringspunktet mellom landbruksområde og eit meir urørt, kupert skogsområde i utmark, med innslag av myr.<br>2-3: Ubygd utmarksområde på Trehovdfjellet. Det er etablert traktorvegar.<br>4: Innspelsområdet er delt i to av fv. 4980, der arealet aust for fv. er ubygd utmarksområde, med myr og våtmarkssystem. Arealet mot vest er bygd med landbruksbygningar og to fritidsbustader, og ber preg av landbruk, nærast vegen, og består elles av utmark og svaberg ned mot sjø. Deler av området ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Fjell- og utmarksområde<br>Dyrka mark<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag:<br>1: myr, innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord, samt skog med høg bonitet<br>2: skog med høg bonitet, open fastmark<br>3: open fastmark<br>4: myr, skog med høg bonitet og overflatedyrka jord<br>Naturtypar: | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som innehar naturmangfald med stor verdi (utvalde naturtype kystlynghei), samt ubygde myr og fjellområde som er særleg sårbare naturområde. | -3 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 1: Utvald naturtype, Kystlynghei, med middels verdi, skildra som *Tilstand vurdert til svært redusert grunnet at området er i sen gjenvekstsuksesjonsfase. Ingen spor etter beiting. Fremmedarten sitkagran.*<br>Heilt i nord går innspelsområdet noko inn i ei registrering av kystlynghei med stor verdi.<br>2-4: Kystlynghei med stor verdi.<br>4: Vest for fv.: kystlynghei med svært stor verdi, og naturbeitemark med stor verdi.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar:<br>1-3: Ingen registreringar.<br>4: østersjøsøte (RE) geitsvingel, Russelærvokssopp, lind, hjertegras, fagerrogn (alle NT), dvergmarinøkkel, ask, pusleblom (alle EN), sporemose, vrangjordtunge, tovinger (alle VU), samt mange fugleartar | 4: Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde:<br>1-3: Ingen registreringar.<br>4: Areal vest for fv. er kartlagd friluftsområde Nesheim (jordbrukslandskap), med verdi viktig. Deler av innspelet ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsone. Strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, med ei helling på mellom 0-25 grader. | 1: Ingen kjende konsekvensar.<br>2-4: Eit utbygging i områda 2-3 vil kunne påverke potensielle friluftsområde ettersom desse ligg til fjells, i eit relativt urørt område. Eit utbygging av område 4 med registrert friluftsområde vil ha negativ verknad for friluftsliv, samt medføre privatisering av strandsona. | 1: 0<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -2 |
| **Landskap** | 1-3: Innspela er del av Småkupert ås- og fjellandskap under skoggrensen med bebyggelse/infrastruktur og høyt jordbrukspreg (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Kystheiene, med landskapsver-di 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br>4: Innspelet er i all hovudsak del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og opne fjordmunninger Vågsvatn, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet i området består av eit jordbrukslandskap, som skrår seg slakt ned mot sjø. Det er etablert bustader og fritidsbustader, samt næring i området rundt.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>1: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/)<br>2-3: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/)<br>4: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | 1: Det er etablert fritidsbustader i området i frå før, og ei utviding/fortetting vil såleis ikkje medføre vesen-tlege endringar i landskaps-uttrykk.<br>2-3: Innspelsområda ligg særs synleg til i fjell-landskapet på ei hylle, og ei utbygging i dette ubygde landskapet vil ha negative verknad.<br>4: Innspelsområdet aust for fv. er ikkje bygd, og ei nedbygging av området med ønska tiltak vil ha negative verknader i det sårbare myrlandskapet. Areal vest for fv. er allereie spreidd utbygd, og ei mindre utviding/for-tetting vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk. Solcellepark vil påverke landskapet negativt, og drar ned samla konsekvensvurdering, saman | 1: 0<br>2: -2<br>3: -2<br>4: -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | med uvisse knytt til eit ev. besøkssenter. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | 1-3: Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne- eller miljø, eller SEFRAK-bygningar, innanfor eller i nærleiken av inn-spela.<br>4: I området vest for fv. ligg det fleire registreringar tilknytt Nordheim fort; eit tysk batteri som var operativt i frå 1941. Restane av batteriet, som består av 40 objekt, er eit nærforsvarsområde som omkransar heile batteriområdet, og eit lite forlegingsområde beståande av messe/kantinebygning, administrasjonsbrakke og batterisjefshus. Området er i gjeldande KPA synt som Bevaring kulturmiljø H570_23. | 1-3: Ingen kjende konsekvens-ar.<br>4: Ei utbygging av ønska tiltak aust for fv. vil ikkje ha kjende konsekvensar for temaet. Ei utbygging vest for fv. vil kunne ha negative verknader for Nordheim fort og dei 40 objekta registrerte spreidd i området. | 1: 0<br>2: 0<br>3: 0<br>4: -3 |
| **Naturressursar** | 1: 2,1 daa myr, 2,8 daa innmarksbeite, 3,9 daa overflatedyrka jord og 0,1 daa fulldyrka jord, samt 13 daa skog med høg bonitet. Området er i gjeldande KPA synt som Omsyn landbruk H510_1.<br>2: 5,4 daa skog med høg bonitet<br>3: Ingen registreringar<br>4: 43 daa myr, 26,6 daa skog med høg bonitet, 11,4 daa overflatedyrka jord | 1: Ei utbygging i området vil medføre tap av eit skogsområde med høg bonitet, samt omdisponering av 6,7 dyrka mark.<br>2: Ei utbygging i området vil medføre tap av eit mindre skogsområde med høg bonitet.<br>3: Ingen kjende konsekvensar.<br>4: Ei utbygging i området vil kunne medføre tap av skog med høg bonitet, samt omdis-ponering av dyrka mark. | 1: -2<br>2: -1<br>3: 0<br>4: -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | 1: Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs privat eller kommunal tilkomstveg Skiftestadvegen.<br>2 og 3: Det er ikkje etablert infrastruktur i områda, anna enn ein traktorveg. Det er ikkje etablert fortau eller veglys langs privat eller kommunal tilkomstveg Skiftestadvegen.<br>4: Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er ikkje etablert infrastruktur i austleg del av innspelsområdet.<br>Langs fv. 4980 er det ikkje etablert fortau eller veglys, men kollektivtrafikk. | | 1: -1<br>2: -2<br>3: -2<br>4: -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | 1-3: Innspelet inneber ei utviding av eksisterande fritidsbustadområde, og område 2 og 3 er nye.<br>4: Innspelet inneber ei utviding av eksisterande spreidd utbygde område, sat ei vidareutvikling av området tilknytt Nordheim fort.<br>Innspela ligg om lag 8 km frå Sveio sentrum. | | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| **Karbonrike areal** | 1: Om lag 2,1 daa myr, 2,8 daa innmarksbeite, 3,9 daa overflatedyrka jord og 0,1 daa fulldyrka jord, samt 13 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: Om lag 5,4 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>3: Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.<br>4: Om lag 43 daa myr, 26,6 daa skog med høg bonitet, 11,4 daa overflatedyrka jord, som er definert som karbonrike areal. | 1: -2<br>2: -1<br>3: 0<br>4: -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1-3: Ikkje relevant.<br>4: Planlagde besøkssenter med tilhøyrande utleigehytter kan medføre positive konsekvensar for næringslivet i Sveio kommune, og det kan bidra til sysselsetting i kommunen. | 1: X<br>2: X<br>3: X<br>4: +1 |
| **Strandsone** | 1-3: Ikkje relevant.<br>4: Deler av innspelsområdet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet langs sjø) og funksjonell strandsone, og ønska arealbruk er bustader og besøkssenter og utleigehytter. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet i strandsona er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br><br> | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | 1-2 (fritidsbustad): Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda<br>3-4 (fritid/turisme): Fritid- og turismeføremålet kan vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunne medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Deler av areala er i dag urørte område, og ei utbygging i desse områda vil vere negativt i eit miljøperspektiv | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1-3: Områda ligg over marin grense. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 4: Ein liten del i vest ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1-2: Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for flaum. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 3-4: Mindre deler av innspela ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, tilknytt myr- og våtmarkssystem innanfor og/eller i nærleiken. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil i all hovudsak ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert løysing for mjuke trafikantar til områda. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1-3: Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspela, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 4: Det er ingen støyande verksemder, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Det er gul støysone langs fv. 4980. Eit besøkssenter og auka turisme vil kunne føre til auka vegstøy i området. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1-3: Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 4: Det går høgspentleidning langs fv. 4980. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 4 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-3** | **1: 0** | **1: 0** | **1: 0** | **1 -2** | **1:-1** | **0** | **1: -2** | **X** |
| | **2: -1** | **2: -2** | **2: 0** | **2: -1** | **2: -2** | | **2: -1** | |
| | **3: -1** | **3: -2** | **3: 0** | **3: 0** | **3: -2** | | **3: 0** | |
| | **4: -2** | **4: -2** | **4: -3** | **4: -2** | **4: -1** | | **4: -2** | **4: +1** |

1: Det er etablert fem fritidsbustader i innspelsområdet i frå før, som er eit spreidd utbygd landbruksområde, som ligg innanfor omsynssone landbruk H510_1. Infrastruktur, vegsamband etc. er allereie etablert. Det vil ikkje vera mogeleg å utvide området utan at det går på bekosting av dyrka mark eller myr, med tilhøyrande verdiar tilknytt naturmangfald, naturressursar, samt utslepp av klimagassar. På bakgrunn av dette vert innspelet negativt tilrådd.
2-3: Innspelsområda er ubygde utmarksområde på Trehovdfjellet, der det er etablert traktorvegar. Det er ikkje etablert anna infrastruktur, og områda ligg særs eksponert til i landskapet. på bakgrunn av dette vert innspela negativt tilrådd.
4: Innspelsområdet er delt i to av fv. 4980, der arealet aust for fv. er ubygd utmarksområde, med myr og våtmarkssystem med tilhøyrande verdiar tilknytt naturmangfald.. Arealet mot vest (nærast vegen) er bygd med landbruksbygningar og to fritidsbustader, og ber preg av landbruk. Arealet består elles av utmark; skog mot nord og svaberg i vest mot sjø. Deler av området ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Storparten av arealet består av kulturminne Nordheim fort. Grunna mengde og omfang av registrerte verdiar vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire (område 4), flaum (område 3 og 4), trafikktryggleik, støy (område 4) og stråling frå høgspent (område 4).

**Fagleg tilråding innspel 1 (21.4496_2), 2 (21.4496_3), 3 (21.16240) og 4 (23.2270): Negativ tilråding**

## 23.3864_3 og _6 Fritidsbusetnad, 23.3864_4 og _5 Fritids- og turistføremål, gbnr. 83/3

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF, Fritidsbusetnad | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>23.3864_3 (1): Fritidsbusetnad<br>23.3864_6 (2): Fritidsbusetnad<br>23.3864_4 (3): Fritids- og turist-føremål<br>23.3864_5 (4): Fritids- og turist-føremål | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 23.3864_3 (1): 97,8 daa<br>23.3864_6 (2): 39,7 daa<br>23.3864_4 (3): 1,8 daa<br>23.3864_5 (4): 4,7 daa |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert tiltak i innspelsområda i frå før, som ligg tilknytt etablert fritidsbusetnadsområde rundt Pøylo. Det er i gjeldande KPA sett byggegrense mot sjø. Innspelsområda består av urørt, kupert skogsområde i utmark. Innspelsområde 2 innehar òg myr/våtmarkssystem med eit mindre vatn.<br>Heile innspel 3 og 4, og delar av innspel 1 og 2 ligg innanfor byggje-forbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Myr- og utmarksområde<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Marslag: skog med høg bonitet og særs høg bonitet, myr.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: vipe (CR), makrellterne (EN), gråmåke, fiskemåke, granmeis, gulspurv, grønnfink og villeple (alle VU), stær, storskarv, gjøk og tjeld (alle NT). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som innehar naturmangfald med lokal verdi, samt ubygde myr-/våtmarksområde som er særleg sårbare naturområde (område 2).<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | 1: -1/-2<br>3: -1/-2<br>2: -2<br>4: -1/-2 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen registreringar.<br>Deler av innspela ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsone.<br>1: Strandsonearealet er registrert som potensielt tilgjengeleg, med ei helling på mellom 3-25 grader. | Etablering av fleire fritidsbustader vil medføre auka privatisering av strandsona i området. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 2 og 4: Strandsonearealet er registrert som dels potensielt tilgjengeleg, med ei helling på mellom 3-25 grader, og dels som utilgjengeleg gruna etablerte fritidsbustader.<br>3: Strandsonearealet er registrert som utilgjengeleg grunna etablerte fritidsbustader i området. | | |
| **Landskap** | Innspela er del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/ eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området består av urørt, kupert skogsområde i utmark. Innspelsområde 2 innehar òg myr/våtmarkssystem med eit mindre vatn. Det er etablert bustader og fritidsbustader, samt naust i området rundt.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Det er etablert fritidsbustader i området rundt i frå før, og ei utviding/fortetting vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk.<br>Dei etablerte fritidsbustadene ligg på eit anna høgdenivå, og areal med nye bygningar (innspelsområde 1-2 og 4) vil ligge meir eksponert til i det kuperte landskapet, og ei utbygging i desse ubygde areala vil ha negative verknader. | 1: -2<br>2: -2<br>3: -1<br>4: -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne- eller miljø, eller SEFRAK-bygningar, innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 0,7 daa skog med høg bonitet, og 96,7 daa med særs høg bonitet.<br>2: 12,5 daa skog med høg bonitet, og 15,2 daa med særs høg bonitet.<br>3: 1,6 daa skog med særs høg bonitet<br>4: 0,9 daa skog med høg bonitet, og 3,8 daa med særs høg bonitet. | 1: Ei utbygging i området vil medføre tap av eit større skogsområde med særs høg bonitet.<br>2: Ei utbygging vil medføre tap av eit skogsområde med høg og særs høg bonitet, samt myr.<br>3: Ei utbygging vil medføre tap av eit mindre skogsområde med særs høg bonitet.<br>4: Ei utbygging vil medføre tap av eit skogsområde med særs høg bonitet. | 1: -3<br>2: -3<br>3: 0<br>4: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande busetnad i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Omfang av innspela vil truleg medføre at infrastruktur må oppgraderast. Det er ikkje etablert veg til eksisterande fritidsbusetnad ved innspelsområde 2-4. Det er ikkje fortau eller veglys langs fv. 4944, men kollektivtilbod. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei utviding av eksisterande fritidsbustadområde. Nærmiljøet her ber preg av spreidd utbygging. Innspelet ligg nært nærsenteret i Våga, og om lag 9 km frå Sveio sentrum. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 1: 0,7 daa skog med høg bonitet og 96,7 daa med særs høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 12,5 daa skog med høg bonitet, 15,2 daa med særs høg bonitet, samt 10,7 daa myr, som er definert som karbonrike areal.<br>3: 1,6 daa skog med særs høg bonitet, som er definert som karbonrikt areal. | | 1: -3<br>2: -3<br>3: 0<br>4: -1 |

| | | |
|---|---|---|
| | 4: 0,9 daa skog med høg bonitet og 3,8 daa med særs høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1-2: Ikkje relevant.<br>3-4: Fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen. | X<br>+1 |
| **Strandsone** | 1: Strandsonearealet er registrert som potensielt tilgjengeleg.<br>2-4: Strandsonearealet er registrert som dels potensielt tilgjengeleg, og dels som utilgjengeleg grunna etablerte fritidsbustader. Arealet ligg i eit område i gjeldande KPA der det er sett byggjegrense mot sjø, og områda ligg bakom denne, og i bakkant av eksisterande fritidsbusetnad.<br><br>Ønska arealbruk er fritidsbustader og utleigehytter (fritid- og turisme). SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsone-rettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspel 1 er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, medan innspela 2-4 dels er i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br> | |
